


Ferdsel ut frå fjellnære reiselivsbedrifter

Odd Inge Vistad



NINAs publikasjoner

NINA Rapport

Dette er en ny, elektronisk serie fra 2005 som erstatter de tidligere seriene NINA Fagrapport, NINA Oppdragsmelding og NINA Project Report. Normalt er dette NINAs rapportering til oppdragsgiver etter gjennomført forsknings-, overvåkings- eller utredningsarbeid. I tillegg vil serien favne mye av instituttets øvrige rapportering, for eksempel fra seminarer og konferanser, resultater av eget forsknings- og utredningsarbeid og litteraturstudier. NINA Rapport kan også utgis på annet språk når det er hensiktsmessig.

NINA Temahefte

Som navnet angir behandler temaheftene spesielle emner. Heftene utarbeides etter behov og serien favner svært vidt; fra systematiske bestemmelsesnøkler til informasjon om viktige problemstillinger i samfunnet. NINA Temahefte gis vanligvis en populærvitenskapelig form med mer vekt på illustrasjoner enn NINA Rapport.

NINA Fakta

Faktaarkene har som mål å gjøre NINAs forskningsresultater raskt og enkelt tilgjengelig for et større publikum. De sendes til presse, ideelle organisasjoner, naturforvaltningen på ulike nivå, politikere og andre spesielt interesserte. Faktaarkene gir en kort framstilling av noen av våre viktigste forskningstema.

Annen publisering

I tillegg til rapporteringen i NINAs egne serier publiserer instituttets ansatte en stor del av sine vitenskapelige resultater i internasjonale journaler, populærfaglige bøker og tidsskrifter.

Norsk institutt for naturforskning

FerdseI ut frå fjellnære reiselivsbedrifter

Odd Inge Vistad

Vistad, O. I. 2009. Ferdsel ut frå fjellnære reiselivsbedrifter
- NINA Rapport 441. 42 s. + vedlegg.

Lillehammer, februar 2009

ISSN: 1504-3312

ISBN: 978-82-426-2007-1

RETTIGHETSHAVER

© Norsk institutt for naturforskning

Publikasjonen kan siteras fritt når ein oppgjev kjelde

TILGJENGELIGHET

Open

PUBLISERINGSTYPE

Digitalt dokument (pdf)

REDAKSJON

KVALITETSSIKRET AV

Marit Vorkinn, NINA Lillehammer

ANSVARLIG SIGNATUR

Børre K. Dervo (sign.)

OPPDRAGSGIVER(E)

Fylkeskommunane i Oppland, Hedmark, Buskerud, Telemark,
Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland og Hordaland.

KONTAKTPERSON(ER) HOS OPPDRAGSGIVER

Ellen Korvald, Buskerud Fylkeskommune

FORSIDEBILDE

Venabygdsfjellet med Venabu Fjellhotell (Foto: Lars V. Tvette)

NØKKEWORD

Rondane, Hardangervidda, Setesdalsheiane, Fjellhotell,
Ferdelskartlegging, Turistar, Villrein, Fylkesdelplanar.

KEY WORDS

Mountain Areas, Mountain Hotels, Tourist Survey, Tourist Traf-
fic, Hiking, Skiing, Wild Reindeer, Area Resource Planning and
Management

KONTAKTOPPLYSNINGER

NINA hovedkontor

7485 Trondheim
Telefon: 73 80 14 00
Telefaks: 73 80 14 01

NINA Oslo

Gaustadalléen 21
0349 Oslo
Telefon: 73 80 14 00
Telefaks: 22 60 04 24

NINA Tromsø

Polarmiljøsentret
9296 Tromsø
Telefon: 77 75 04 00
Telefaks: 77 75 04 01

NINA Lillehammer

Fakkalgården
2624 Lillehammer
Telefon: 73 80 14 00
Telefaks: 61 22 22 15

www.nina.no

Samandrag

Vistad, O. I. 2009. Ferdsel ut frå fjellnære reiselivsbedrifter. - NINA Rapport 441. 42 s. + vedlegg.

Utgangspunktet for prosjektet er arbeidet med Fylkesdelplanar for tre store villreinområde som no vert gjennomført: Rondane/Sølnkletten, Hardangervidda og Setesdalsheiane. I den samanheng er det eit grunnleggjande kunnskapsbehov, både om villreinens arealbruk og om menneskeleg aktivitet. Reiselivet er ei av dei viktigaste økonomiske interessene i og rundt desse fjellområda, difor fekk behovet for kunnskap om ferdsel ut frå reiselivsbedrifter prioritet.

Prosjektet vart lagt opp slik at 3 reiselivsbedrifter pr fjellområde (totalt 9) skulle vere med. Deltaking frå bedriftene si side var frivillig og lagt opp med stor eigeninnsats frå bedrifta (all datainnsamling). Valet at bedrifter bygde på visse kriterium og ferdselen skulle kartleggast både i lågsesong og høgsesong, både vinter og sommar/haust. Dette vart delt ut eit spørjeskjema for kvart utleigd rom, fordelt på 4 innsatsdagar i løpet av året. Kvar bedrift hadde friedom til å velje innsatsdagar, for å få ei lokal tilpassing. Det er svært sårbart å overlata datainnsamlinga til den enkelte bedrifta, og gjennomføringa feila på ein del punkt. Metoden og feilkjelder blir drøfta i rapporten. Nokre bedrifter vart skifta ut frå vintersesong til sommarsesong.

I delar av analysen er bedriftene delte inn i Turhotell og Alpinhotell, og delvis også i Reise Til-bedrifter og Reise Forbi-bedrifter (utifrå korleis bedriftene er lokalisert i høve til viktige gjennomfartsvegar). I alt vart 404 skjema fylt ut og om lag 2/3 av dei i løpet av vintersesongen. I tillegg til å få kunnskap om kor aktive gjestene var, så skulle skjemaet kartlegge kven gjestene var, motiv for besøket, tidlegare erfaring frå området, eiga friluftserfaring, bruken av stiar og løyper, og synet deira på moglege forvaltningstiltak i framtida (fysiske tiltak, forbod og kursing).

Norske gjester dominerer, det er lik kjønnsfordeling, dei fleste er høgt utdanna og dei har ein snittalder på 52 år. Mange av gjestene har vore i same området/hotellet før. Dei viktigaste besøksmotiva er knytt til Fin natur, Gode turhøve og Gode turstiar/skiløyper. Verdien av desse motiva er like stor for sommar- som vintergjester. Men desse motiva er viktigare for gjestene på typiske Turhotell enn på Alpinhotell. Den store majoriteten av gjester brukar naturen aktivt (85 %), og det er noko fleire uteaktive vintergjester enn sommargjester. Det er eit logisk mønster i kva aktivitetar som dominerer: Sommartid er det fotturar og vinterstid er det skiturar (Turhotell) og alpint (Alpinhotell). Gjestene er påfallande aktive i utemiljøet; motiv og atferd ser ut til å harmonere. Ikkje berre går dei turar, dei går også lange turar. Dei lengste turane er skiturar og blir gjennomført før eller etter påske (snitt 16,1 km). Påsketurane er kortare (snitt 12,6 km) og sommarturane endå litt kortare (9,0 km). Gjestene ved Turhotell går lengre turar enn gjestene ved Alpinhotell. Vintergjestene startar alltid skituren ved hotellet, medan nær ¼ av sommargjestene køyrde bil til eit startpunkt for fotturen. Dei aller fleste fylgde stiar og løyper; det gjeld særleg vintertid då 77 % nesten berre gjekk langs oppkøyrde og merkte skiløyper, medan 63 % av sommargjestene primært fylgde merkte og skilta stiar. I hovudsak er dette gjester som set pris på merkte stiar og skiløyper.

I synet på moglege tiltak for å avgrense ferdselen av omsyn til villreinen, er det uråd å lese eintydig kva gjestene kan akseptere. Mange viser vilje til å akseptere regulering (særleg blant gjestene på Turhotell), men det er også klare synspunkt frå mange gjester på Reise Til-hotell om at ein vil finne seg eit anna fjellområde dersom det vert færre oppkøyrde skiløyper. Gjestene med tidlegare erfaring frå hotellet/same fjellområdet, aksepterer i større grad innstramming i talet oppkøyrde skiløyper; dei vil likevel kome tilbake. Tiltak som inneber ferdselsforbod eller kursing er i større grad akseptert av dei med høg utdanning. Men den same gruppa viser mest motstand mot at det skal bli færre stiar i området. Dette kan tyde på at informasjon og læring kan vere gode grep for denne gruppa.

Odd Inge Vistad, NINA Avdeling for naturbruk, Fakkeltgården, 2624 Lillehammer
oddinge.vistad@nina.no

Abstract

Vistad, O. I. 2009. Hiking and skiing among guests at mountain hotels. - NINA Rapport 441. 42 pp.+ appendix.

The basic aim of the project is to build more knowledge about human traffic in mountain areas housing wild reindeer. A regional planning work is presently being implemented in three such mountain areas: Rondane/Sølnkletten, Hardangervidda and Setesdalsheiane. And there is a great need for more social and ecological knowledge as a basis for this planning process. Since tourism is one of the major economic interests in these areas, outdoor activity among hotel guests were given priority.

Nine hotels (three from each area) were chosen to participate in the project, but their participation had to be voluntary since the data collection (handing out and collecting questionnaires) had to be done by the hotel staff. The selection of specific hotels was based on certain criteria. The outdoor traffic should be measured in high and low season, and both during winter and summer. The project design said that data collection should cover four days, one in each of these four seasons. Each hotel had some freedom in deciding which days, due to a local adjustment needs. Leaving the data collection to each hotel is a very vulnerable procedure, and we have to state that the implementation of the study partly failed. Sources of error are discussed in the report. Some of the hotels were substituted after the starting winter season.

In the analysis the hotels (and their guests) are sometimes divided into Cross-country Hotels and Alpine Hotels, and sometimes into Driving-To Hotels and Driving-Pass Hotels (depending on their location in relation to the national roads). The total response was 404 questionnaires, and 2/3 was filled out during the winter season. The study collected information about the guests (socio-demographics, attitudes, recreational preferences and experience), their visiting motives and outdoor activities (during the last day), whether they had used prepared trails or ski tracks, and their view on some possible future management actions including facilitation, prohibitions and education, in order to protect the reindeer.

The guests are dominated by Norwegians (73 %), has a gender balance, are quite well educated and an average age of 52. Very many of the guests have been in the same area or at the same hotel earlier. The most important visiting motives are Beautiful nature, Good possibilities for walking or skiing, and Good hiking trails or ski tracks. These motives are equally important among winter and summer guests, but they are more important for the guests at Cross-country Hotels compared to the Alpine Hotels. The great majority of guests (85 %) are active users of the outdoors, and the winter guests are the most active ones. There is a logic pattern in the outdoor activities: Hiking/walking in the summertime and cross country skiing (in the Cross-Country Hotels) and alpine skiing (in the Alpine Hotels) during winter. In other words: Motives and practice seems to harmonize. And they even take long trips! The longest trips are the skiing trips before or after Easter (average 16.1 km). The skiing trips during Easter are shorter (12.6 km) and the shortest trips are the walking or hiking trips in summer/autumn season (9.0 km). The guests at Cross-country Hotels take longer trips than the guests at Alpine Hotels. The winter guests always start their skiing trip outside the hotel, while close to ¼ of the summer guests first drive their car to where they start walking. The majority followed trails and tracks, especially in wintertime when 77 % almost only followed prepared and marked ski tracks. 63 % of the summer guests primarily followed marked trails. All in all the hotel guests are dominated by people who appreciate marked trails and ski tracks.

It is difficult to see one clear picture in how the guests react to the different proposals concerning limitations in walking or skiing, in order to protect the wild reindeer. Many seem to accept regulations (especially the guests at Cross-country Hotels), but a major portion of the guests at Driving-To Hotels will not come back to this area if the number of prepared ski tracks are reduced. Guests with experience from the same hotel or same area seem to a higher degree to accept limitations in the number of ski tracks, they will still come back. Actions that include pro-

hibiting walking or skiing, or a decreed course about “wild reindeer and disturbance” are more accepted by the highly educated. But this same group of highly educated guests has a lower acceptance rate than others concerning the proposal “fewer marked trails” in the area. So: information and teaching can be good and efficient measures for this group.

Odd Inge Vistad, NINA Human Dimension Department, Fakkeltgården, NO-2624 Lillehammer
oddinge.vistad@nina.no

Innhald

Samandrag	3
Abstract	5
Innhald	7
Forord	8
1 Innleiing	9
2 Metode	10
2.1 Design og opplegg	10
2.2 Skjema og gjennomføring	10
2.3 Datamaterialet og analysane	14
3 Resultat	15
3.1 Om hotellgjestene	15
3.2 Kvifor har gjestene valt dette området?	15
3.3 Kor aktive er gjestene til å bruke utemiljøet?	17
3.4 Bruk og oppleving av tilrettelegging og infrastruktur	21
3.5 Ferdsel frå fjellnære reiselivsbedrifter	23
3.5.1 Vinter – påske	23
3.5.2 Vinter – lågsesong	25
3.5.3 Barmarkssesongen	26
3.6 Regulering av (den frie) ferdselen?	28
3.7 Eiga friluftslivserfaring	32
3.8 Purismegrad	32
4 Diskusjon og konklusjonar	37
5 Referansar	41
Vedlegg	42
1: Vinterskjema	
2: Sommarskjema	

Forord

Eitt viktig utgangspunktet for dette prosjektet er arbeidet som no vert gjennomført med Fylkesdelplanar for tre store villreinområde: Rondane/Sølnkletten, Hardangervidda og Setesdalsheiane. Planarbeidet skal gje eit betre handlingsgrunnlag for å sortere mellom konfliktfylt og mindre konfliktfylt utnytting og utvikling av dei aktuelle områda, i høve til det forvaltningsansvaret Noreg har for villreinen.

I den samanheng er det eit grunnleggande kunnskapsbehov, både om villreinens arealbruk og om menneskeleg aktivitet i dei aktuelle områda. I dette høvet er det særleg tynt når det gjeld kunnskap om menneskets bruk og ferdsel. Mange har nok klare førestillingar om kva slag ferdsel som føregår i kva område, men vi blir ganske hjelpelause når vi blir spurt om å kvantifisere, lokalisere og karakterisere dei aktuelle brukargruppene.

Det andre viktige utgangspunktet er at NINA for tida gjennomfører eit Strategisk instituttprogram (ein SIP) kalla REMA 2010 (*Research tools for management of biodiversity to meet the 2010 objectives*), finansiert av Noregs Forskningsråd. Som del av denne SIP'n har NINA eit delprosjekt kalla "Fjellplanlegging" som studerer bruken av Plan og Bygningslova, og særleg verktøyet Fylkesdelplan, i høve til utfordringar knytt til vern og bruk av fjellnatur. Dette ferdselsprosjektet er difor både ei viktig bidragsforskning i høve til SIP'n og ei naudsynt kunnskapsstyrking for Fylkesdelplanarbeida.

Reiselivet er ei av dei viktigaste økonomiske interessene i og rundt desse fjellområda. Og i denne omgang var det ferdsel ut i frå reiselivsbedrifter som fekk prioritet.

Takk til (dei skiftande) koordinatorane for dei tre fylkesdelplanprosessane og til DN som gav stønad til dette ferdselskartleggingsprosjektet. Koordinatorane har vore ei viktig hjelp i delar av den praktiske gjennomføringa. Særleg takk til Marit Vorkinn, som var koordinator for Rondane-Sølnkletten då prosjektet tok til. Ho var ein viktig samarbeidspart i å utvikle spørjeskjemaet og designe heile undersøkinga. Også mange takk til dei ansvarlege ved dei enkelte reiselivsbedriftene som tok seg tid til å prioritere ein innsats med informasjon, utdeling og innsamling av skjema.

Eg vil også rette ein spesiell takk til Bykle kommune som løyvde eit ekstrabidrag til gjennomføringa på Hovden, og til Hovden Ferie som tok på seg ansvaret og arbeidet med datainnsamlinga ved dei to bedriftene på Hovden sommaren/hausten 2008.

Lillehammer, 25. februar 2009

Odd Inge Vistad
Prosjektleder.

1 Innleiing

Målet med undersøkinga har vore å skaffe fram data om ferdsel (omfang og mønster) ut frå turistbedrifter i visse fjellnære område, i denne omgang hotell, fjellstover og liknande. Dette skal vere ein del av kunnskapsgrunnlaget i dei nye fylkesdelplanprosessane for Rondane/Sølnkletten, for Hardangervidda og for Setesdalsheiane, der særleg forholdet mellom hytte- og anna utbygging, friluftsliv/ferdsel, og villreininteressene vil stå sentralt.

I denne ferdselsundersøkinga ville vi finne ut: Kor mykje og kor langt går turistane, held dei seg til løypenettet, osb.? Er det slik at gjestene på fjellstovene er meir fjellvante og går lengre turar og meir utanfor løypene og stiane enn turistar på alpin- eller meir sentrumsnære destinasjonar? Dei enkelte bedriftene kan nok ha både eit bilde og kunnskap om sine gjester og deira aktivitetar, men slike data manglar nesten fullstendig i statistikk mm, og blir derfor heller ikkje nytta som kunnskapsgrunnlag i planleggingsarbeid, forvaltning og liknande.

Kunnskap om korleis ulike interessegrupper brukar fjellet vil gje eit betre vurderingsgrunnlag for å seie noko om kva typar ferdsel og ev. tilrettelegging som er akseptabel (i høve til villreininteressene, men også for brukarane), i kva grad kanaliseringstiltak vil virke osb. Oppland fylkeskommune har tidligare gjennomført ei omfattande undersøking om ferdselen ut frå private hytter (Vorkinn 2003). Denne undersøkinga skal skaffe fram tilsvarande data for ferdsel ut frå reiselivsbedrifter i ulike område. Men dette er ei mindre ambisiøs undersøking med eit kortare spørjeskjema og ein forenkla gjennomføringsmetode.

2 Metode

2.1 Design og opplegg

Sjølv om ambisjonen og mandatet er ganske klart og logisk så er det ikkje eit enkelt oppdrag å kartlegge ferdsel. Eit fullgodt opplegg er svært arbeidskrevjande, særleg når vi (som her) har lagt opp til å "dekkje" eit spekter av reiselivsbedrifter, fordelt på tre store fjellområde, og over både vinter- og sommarsesong. Den knappe økonomiske ramma (om lag 6 vekesverk med arbeidsinnsats for NINA) gjorde det klart at eit slikt "fullgodt opplegg" ikkje lot seg designe og gjennomføre. Utfordringa vart heller: Korleis kan vi avgrense, designe og gjennomføre ei ferdselskartlegging som er nyttig utifrå formålet og som vi kan forsvare fagleg-metodisk?

Det var eit poeng å få med eit visst spekter av reiselivsbedrifter og dekkje både snø- og barmarkssesongen. Vi nytta følgjande kriterium:

- Lokalisering både inni/inntil sjølve fjellområdet og meir bygdenært
- Både fjellstover og større hotell
- Både nær alpindestinasjonar og nær turløypenett
- Primært bedrifter med heilpensjon (altså ikkje sjølvhushald)
- Data frå både ski- og fottursesongen
- Data frå både høgsesong og lågsesong (for baa årstider).

For å klare den praktisk-økonomiske gjennomføringa var vi avhengige av eit godt samarbeid med bedriftene, og sjølve datainnsamlinga på staden måtte fullt og heilt overlatast til den enkelte bedrifta. Den første store utfordringa var difor å rekruttere relevante bedrifter. Deltakinga måtte sjølv sagt vere frivillig, sidan vi var heilt avhengig av deira velvilje og innsatsvilje til å gjennomføre det dei hadde tatt på seg.

Vi gjekk inn for å kartlegge ferdselen ut frå tre bedrifter pr. område, totalt ni bedrifter. Om veldig få bedrifter vart med, så ville funna ikkje kunne nyttast til stort meir enn å gje kunnskap om ferdsel frå dei deltakande enkeltbedriftene. Og dersom variasjonen mellom bedriftene vart for liten så ville vi også miste breiddeinformasjon om ferdsel ut frå (ulike) reiselivsbedrifter.

Det var også ein tryggleik i å ha med ei viss mengde bedrifter: Vi måtte stole på solid gjennomføring ved den enkelte bedrifta, men dersom noko/nokon skulle svikte i gjennomføringa så ville skaden bli mindre for prosjektet dersom så mange som ni bedrifter var med frå starten.

I høve til bedriftene så var det mi oppgåve som prosjektansvarleg å rekruttere bedrifter, lage eit ryddig opplegg for gjennomføring ved kvar bedrift, og fylgje opp med informasjon og jamlege påminningar før dei fire periodane med datainnsamling. Samstundes måtte kvar bedrift ha fridom og ansvar til å gjennomføre på ein lokaltilpassa måte (typen gjester, veret, dag for gjesteskifte mm).

Alt i alt så har premissane tvinga oss til ei prosjektløysing vi likar dårleg: Å kompromisse på design og gjennomføring! Og i ettertid må vi konstatere at datainnsamlinga ved mange av bedriftene ikkje vart gjennomført i tråd med opplegget. Nokre har fylgt godt opp, andre har laga sin eigen vri, og nokre har blitt offer for "uheldige omstende" (meir om dette nedanfor).

2.2 Skjema og gjennomføring

Vi laga eit felles skjema (sjå **vedlegg 1 & 2**) for alle bedriftene, og med ein norsk og ein engelsk versjon. Saman med skjemaet vart det delt ut eit løype- og stikart (avhengig av årstid), som hjelp til den som skulle fylle ut. Dersom vi ikkje fekk tilgang til ferdige kart, så laga vi kart for formålet.

Skjemaet tok for seg følgjande tema: Om opphaldet på bedrifta, om motiv for å velje det aktuelle fjellområdet, om eigne turar / aktiviteter i løpet av siste døgnet og kor nøgd ein var med tilrettelegginga for slikt, om eventuelle tiltak for å styre ferdselen, om eigne friluftsprefaransar ("purismekartlegging") og friluftslivserfaring, samt personopplysningar. Skjemaet var på fire sider, og kombinerte avkryssing og opne spørsmål.

POENGET ER ALTSÅ Å NÅ DE GJESTENE (enkeltpersoner, familier og vennegrupper) SOM HAR HATT MULIGHET TIL Å BENYTTJE NÆRMILJØET TIL TURER OG LIGNENDE. Det vil normalt være gjester som bor i minst to døgn ved bedriften. Det er like viktig med svar fra både de som benytter og de som ikke benytter en slik mulighet.

Kartlegging av gjestenes friluftsliv og uteaktiviteter:

- **ÉN DAG I "HØGSESONG" (primært i andre halvdel av juli)**
- **ÉN DAG FØRST I SEPTEMBER (primært lørdag 6. eller 12.)**

Dette er et romslig opplegg der bedriften må tilpasse opplegget, særlig valg av dag: Velg dager med oppholdsvær og med godt besøk av denne målgruppen av gjester.

Del ut ett skjema (helst ved personlig kontakt) PR UTLEID ROM (altså ikke ett pr gjest), samt kart og infoskriv til gjesten (finnes både på norsk og engelsk), denne ene dagen. Som hovedregel holder vi selvhusholdninger (hytter/leiligheter) utenfor, men der det er naturlig med kontakt mellom disse gjestene og vertskapet kan også disse inkluderes:

- **DEL GJERNE UT SKJEMA UNDER MIDDAGEN PÅ KVELDEN, OG SAMLE INN SENERE PÅ KVELDEN ELLER NESTE FORMIDDAG**
- Den som har fylt ut kan også skrive navn og adresse bak på kartet for å være med i trekningen om weekendopphold på ett at hotellene/bedriftene som deltar.
- For å ha oversikt på svarprosent, må vi også vite hvor **MANGE ROM SOM VAR UTLEID** dette døgnet. Og hvordan **VÆRET** var denne dagen.

ETTER AT BEGGE INNSAMLINGSDAGENE ER FULLFØRT:

Send bunken med utfylte skjema til NINA v/Odd Inge Vistad.

Figur 2.1 Ei oppsummering som vi laga til reiselivsbedriftene for korleis dei skulle gjennomføre undersøkinga. Denne gjeld sommarsesongen; ei tilsvarende vart laga for vintersesongen.

Som prosjektansvarleg hadde eg telefonkontakt med ein ansvarleg i staben ved kvar bedrift (vanlegvis direktøren eller ein som direktøren gav ansvaret) for å orientere om prosjektet og høyre om dei var interesserte i å vere med. Stort sett var det velvilje og entusiasme for prosjektet. Nokre av dei vi kontakta takka nei til å vere med. Når vi hadde avtaler med (dei fyrste) 9 aktuelle bedriftene så vart prosjektet fylgt opp med e-post orientering og fleire påminningar før dei aktuelle periodane med datainnsamling. Skjema og kart vart sendt ut med post.

Vi oppfordra sterkt bedriftene til å stille ein eigen person til disposisjon med ansvar for utdeling og innsamling. Dette fordi erfaring tilseier at det fungerer dårleg å berre ha skjemaet liggande i resepsjonen – det trengs personleg kontakt mellom utdelar/innsamlar og gjest! Sjå presentasjon av det lokale opplegget i **figur 2.1**.

Arbeidet starta vinteren 2008. Etter ei "prøvekøyring" med godt resultat ved Venabu Fjellhotell før påske, vart det full start med datainnsamling i påska (høgsesong), og så med ei ny datainnsamling i tida etter påske (medan det enno var skiføre). Følgjande bedrifter var med i vintersesongen (sjå **tabell 2.1**):

- **Rondane:** Hafjell Hotel & Apartments (Øyer), Venabu Fjellhotell (Ringebu), Brekkeseter (Høvringen i Sel)
- **Setesdalsheiane:** Hovden Høgfjellshotell (Bykle), Bortelidseter hotell og fjellskole (Åseral), Sølvarden hotell og feriesenter (Valle)
- **Hardangervidda:** Rauland Høgfjellshotell (Vinje), Thon Hotel Vestlia Resort (Geilo), Haukeliseter Fjellstue (Vinje)

Gjennomføringa i vintersesongen gjekk ganske bra for bedriftene i Rondane-regionen, men Hafjell dekte berre lågsesongen (etter påske). For Setesdalsregionen var det verre: Bortelidseter gjorde ein god innsats, men drifta vart lagt ned i mai. Sølvarden fall ut pga. ulike interne forhold. Også Hovden Høgfjellshotell fekk dårleg gjennomføring pga. interne forhold. Rauland og Haukeliseter hadde berre datainnsamling i påska (høgsesong).

Vintersesongen hadde vist utfordringane som vi måtte lære av til sommarsesongen. Vi definerte overgangen juli-august som høgsesong, og fyrste halvdel av september som lågsesong. Men høg- og lågsesong er mindre eintydige på barmark enn om vinteren og vi let difor bedriftene ha meir styring med tidspunkta for datainnsamling. Nokre bedrifter vart bytt ut med nye. For Hardangervidda ønskte vi å skifte ut Vestlia som viste seg litt for perifer i høve til fjellferdsel, og for Setesdalsområdet var vi uansett tvinga til å finne to ny bedrifter. For sommarsesongen 2008 gjorde vi avtaler med seks av vinterbedriftene og tre nye (sjå **tabell 2.1**):

- **Rondane:** Hafjell Hotel & Apartments (Øyer), Venabu Fjellhotell (Ringebu), Brekkeseter (Sel).
- **Setesdalsheiane:** Hovden Høgfjellshotell og Hovden Fjellstoge (Bykle), Ljosland Fjellstove (Åseral).
- **Hardangervidda:** Rauland Høgfjellshotell (Vinje), Torsetlia Fjellstue (Nore og Uvdal), Haukeliseter Fjellstue (Vinje).

Sommarsesongen fylgde same opplegg og gjennomføring som vintersesongen. Men det at ei bedrift hadde god gjennomføring om vinteren var ingen garanti for ditto på barmark. For Rondane-området fall Hafjell og Brekkeseter ut. I Setesdalsområdet fall Ljosland ut (utfylte skjema skal ha kome bort i posten). Rundt Hardangervidda gjekk det stort sett bra, men Haukeliseter dekte berre "lågsesong" (september).

Tabell 2.1 Reiselivsbedrifter som (etter frivillig avtale) vart med i undersøkinga.

Hotell	Rom	Sesong (intensjon)	Anna (lokalisering mm)
Setesdalsheiane			
Ljosland Fjellstove, 4540 Åseral	16 + 3 leil.	Sommar	Fjellbygd.
Bortelidseter Hotell og fjellskole, 4540 Åseral	25	Vinter	Fjellbygd. DNT-avtale. Hytter + leil.
Sølvgården Hotell og Feriesenter, 4748 Rysstad	8 nye + 5 motellrom	Vinter	Bygd. Hytter. Gjennomfartstrafikk.
Hovden fjellstoge, 4756 Hovden	10	Sommar	Fjellbygd. DNT-avtale, Campingplass, Vandrarheim. 21 hytter. Gjennomfartstrafikk.
Hovden Høgfjellshotell, 4756 Hovden	75	Vinter og sommar	Fjellbygd. Nær alpinanlegg. Gjennomfartstrafikk.
Hardangervidda			
Haukeliseter Fjellstue, 3895 Edland	45	Vinter og sommar	Fjell. DNT-hytte. Gjennomfartstrafikk
Rauland Høgfjellshotell, 3864 Rauland	90	Vinter og sommar	Fjell. Nær alpinanlegg. Gjennomfartstrafikk. Hytter
Thon Hotel Vestlia Resort, 3580 Geilo	115 - 120	Vinter	Bygd. Nær alpinanlegg. Gjennomfartstrafikk. Hytter
Torsetlia Fjellstue, Dagalifjell, 3632 Uvdal	21 (inkl. leil.)	Sommar	Fjellbygd. Hytter. Gjennomfartstrafikk
Rondane			
Brekkeseter, 2673 Høvringen	12 rom +14 hytter	Vinter og sommar	Fjell.
Venabu Fjellhotell, 2632 Venabygd	56	Vinter og sommar	Fjell. Hytter Også gjennomfartstrafikk.
Hafjell Hotel & Apartments, 2636 Øyer	61	Vinter og sommar	Bygd. Hytter. Nær alpinanlegg. Gjennomfartstrafikk

2.3 Datamaterialet og analysane

I vintersesongen samla 8 bedrifter data, og i barmarkssesongen 6. Dette er med og forklarar at nær 2/3 av alle skjema (total N=404) vart fylt ut i vintersesongen (**tabell 2.2**).

Gjennomføringa varierte frå bedrift til bedrift. Nokre har fylgt instruksjonen og delt ut eitt skjema pr rom, medan andre har nytta eit "lausare" opplegg. Nokre har også delt ut over fleire dagar. Alt i alt blir det då uråd å rekne ut ein påliteleg svarprosent for alle bedrifter. Nokre bedrifter har meldt inn om si eiga vurdering av svarprosent (sjå svarprosent med spørsmålsteikn i **tabell 2.2**). For vintersesongen kan vi rekne ut ein (kontrollerbar) svarprosent for 5 av 8 bedrifter, og berre for 3 av dei er svarprosenten 50 eller høgare. For sommarsesongen har vi ein kontrollerbar svarprosent for 4 av 6 bedrifter og for 3 er denne 50 % eller høgare.

Eit hovudpoeng med å bruke så mange og bevisst ulike bedrifter er å kunna samle gjestedata frå likearta bedrifter (jfr. kriteriesettet i kapittel 2.1). Uansett så er det berre Venabu Fjellhotell som har samla eit så stort materiale at det gjev særleg meining å analysere det på bedriftsnivå. I delar av resultatkapitlet vil eg difor sortere mellom ulike **BEDRIFTSKATEGORiar**. Ei inndeling går mellom "**Alpinbedrifter**" (Hovden Høgfjellshotell, Rauland, Vestlia og Hafjell) og "**Turbedrifter**" (dei seks andre). Eg nyttar også ei todeling mellom såkalla "**Reise Tilbedrifter**" (som er tre av turhotella, nemleg Bortelidseter, Brekkeseter og Venabu) og "**Reise Forbi-bedrifter**" (dei sju andre), utifrå kva lokalisering bedrifta har i høve til viktige trafikkårer.

Tabell 2.2 Fordeling av skjemainngang på bedriftene med datainnsamling, og svarprosent der den let seg rekne ut. Dei bedriftene som ikkje hadde avtale om datainnsamling den aktuelle sesongen er markert med strek. I tillegg til bedriftene i tabellen var det to bedrifter med som ikkje fekk gjennomført datainnsamling. Jfr. **tabell 2.1** som viser fakta om bedriftene.

Totalt	Bortelid seter	Hovden Fjellst.	Hovden Høgfj-h	Haukeli seter	Rauland Høgfj-h	Vestli a	Torsetl ia	Vena bu	Hafj ell	Brekke- seter
Vinter- skjema (N=257)	11	-	9	52	24	34	-	76	24	27
Belegg % (rom)	56	-	61	?	100	39	-	87	?	69
Svar %	61	-	10	?	26	?	-	64	?	50
Barmark- skjema (N=147)	-	7	13	6	11	-	21	89	0	0
Belegg % (rom)	-	70	17	?	53	-	?	88	-	-
Svar %	-	50	50	2?	11	-	50?	73	-	-
N=404	11	7	22	58	35	34	21	165	24	27

3 Resultat

Dette kapitlet gjev ein ganske detaljert resultatgjennomgang. Vurderingar og konklusjonar kjem i kapittel 4. Når ikkje anna er nemnt så gjeld resultatata oppsummering frå heile datasettet.

3.1 Om hotellgjestene

Kven er dei og kvar kjem dei frå?

Det er dei norske gjestene som dominerer med 73 % av svara. Dette samsvarar godt med funna til Aas et al. (2006) frå turistbedrifter i og rundt norske verneområde.

Nesten alle dei andre er frå Europa, og med svenskar som den største enkeltgruppa (7 %). Danmark, Tyskland, Storbritannia og "Resten av Europa" er heimland for fire om lag like store grupper med 4-5 % kvar.

Kjønnsfordelinga er tilnærma lik (51 % kvinner), og gjennomsnittsalderen er 52 år. Aldersspennet er frå 82 år til 16 år. Når det gjeld utdanning så har 76 % minst eitt år høgare utdanning (universitet / høgskule), og 53 % har meir enn tre år med høgare utdanning.

Besøket på hotellet

Opphaldstida på hotellet varierer frå ei natt til tre veker. Gjennomsnittsgjesten bur på hotellet i 4 netter (heilt presist 3,8). I alt er det 15 % som berre bur ei natt på hotellet. Det er ingen skilnad i opphaldstid mellom gjestene på ulike bedriftskategoriar.

Berre 7 % er på aleinetur, og ¼ er der som par (dvs. to personar). Elles så varierer det heilt opp til gruppeturar på 40-50 personar. To-tredelar er der utan barn (under 15 år) i følgjet, og for den siste tredelen som har med barn er det om lag lik fordeling på om yngstebarnet er i førskulealder eller i skulealder.

Meir enn to tredelar av gjestene har vore i det same fjellområdet tidlegare, og nær halvparten har også vore gjest på det same hotellet før. Her er det ingen skilnad mellom gjestene på dei ulike bedriftskategoriene (Alpinhotell, Turhotell etc.).

3.2 Kvifor har gjestene valt dette området?


Vedlegg 1 og 2 viser dei ulike svaralternativa når det gjeld motiv for å velje det aktuelle fjellområdet. Det varierer i kva grad respondentane har svart på alle dei ulike alternativa. Om vi ser på kombinasjonen av alternativ som både har fått mange svar og høg skåreverdi (altså eit viktig motiv), så er dette dei viktigaste motiva (med gjennomsnitt over 4, dvs. mellom Einig og Svært einig):¹ **Fin natur (4,4), Varierte turhøve (4,2), Gode turstiar/skiløyper (4,1)**. Turstiar blir rangert like høgt for sommargjester som skiløyper for vintergjester. For alle desse tre viktigaste motiva er det svært små skilnader mellom sommarmotiv og vintermotiv. Motiv som skårar frå Nøytralt (=3) og nedover er : **Tilfeldig (2,1), Nær "villreinfjell" (2,5)**²

Om vi ser på vinterundersøkinga og samanliknar bedriftene som soknar til alpinanlegg (Hovden, Rauland, Vestlia og Hafjell) med dei andre, så kjem også motivasjonen **Bra alpinanlegg** høgt (**4,0**) for nettopp alpinhotellgjestene. Vi kallar desse to bedriftskategoriene Alpinhotell og Turhotell. Det er fem motiv som skil seg signifikant (ANOVA, p<0,01) for dei to kategoriene for vintersesongen (**figur 3.1**): **Fin natur, Varierte turhøve, og Snaufjell er alle**

¹ Sværskalaen går frå 1 (=Svært ueinig) til 5 (=Svært einig) og det dei svarar på er positivt formulerte påstandar. Høg svarverdi tyder altså viktig motiv.


² Motivet Nær "villreinfjell" var berre med for Sommarsesongen.

viktigare på Turhotell, medan Bra alpinanlegg og Passe avstand frå bustaden er viktigare på Alpinhotell.



Figur 3.1 Motiv for vintergjester og som skil signifikant mellom gjester på Alpinhotell og Turhotell. Skala frå 1 (= svært ueinig) til 5 (= svært einig).

Vi kan også gjere ei tilsvarande samanlikning mellom dei to typene reiselivsbedrifter for **sommarmotiv**. Men dette er ei meir tvilsam samanlikning, sidan berre to av Alpinhotella stadig er med i materialet, nemleg Hovden og Rauland Høgfjellshotell (N=24). Dei motiva som både er viktige (verdi over 4) og som viser skilnad (ANOVA, $p < 0,01$) mellom dei to typene hotellgjester er (i fallande rekkefølge): **Fin natur**, **Gode turstiar**, **Varierte turhøve**, og **Snaufjell**. Og for alle fire så markerer Turgjestene dei som viktigare enn "Alpingjestene" (figur 3.2).



Figur 3.2 Viktige motiv for sommargjester og som er signifikant ulike for gjester på Alpinhotell og Turhotell. Skala frå 1 (= svært ueinig) til 5 (= svært einig).

Den andre måten eg sorterer bedriftene i to kategoriar er å sjå korleis dei ligg i høve til viktige ferdselsårer. Ligg bedriftene ved typiske gjennomfartsvegar og er "Reise Forbi-hotell" (døme: Hafjell ved E 6) eller ligg dei som sjølvstendige "tursmål" og er "Reise Til-hotell" (døme: Brekkeseter på Høvringen)? Lokaliseringa **kan** ha ein viss innverknad på kva type gjester ein får, men alle typar hotell (uavhengig av tiliggande infrastruktur) kan sjølvstendig ha ein produktprofil som frikoplar dei frå ytre strukturelle preg knytt til enkel eller vanskelegare reisetilgang. Men todelinga er verdt å teste ut.

Denne todelinga ("Reise Til", eller "Reise Forbi") har eit visst slektskap med Turhotell og Alpinhotell, men dei er ikkje identiske. Berre tre bedrifter vert (her) lagt til kategorien Reise Til-hotell, nemleg Bortelidseter, Brekkeseter og Venabu. Alle desse tre sorterte i førre todeling til Turhotell.

Når det gjeld vintermotiv så er det særleg eitt viktig motiv som viser skilnad mellom denne todelinga og det å dele i Alpinhotell og Turhotell. Det gjeld motivet **Gode turskiløyper**.³ Det motivet er klart (og signifikant) **viktigare for gjestene på "Reise Til-hotell" (4,4), enn gjestene på "Reise Forbi-hotell" (3,8)**. Dei andre motiva som skil signifikant mellom dei to bedriftskategoriene, har klare parallellar til skilnaden mellom gjester på Turhotell og Alpinhotell (figur 3.1).

3.3 Kor aktive er gjestene til å bruke utemiljøet?

Heile 85 % svarar at alle eller nokon på rommet har vore på tur eller utøvd friluftsliv i løpet av dagen. Det er nokre fleire som er aktive i vintermaterialet (87 %) enn i sommarmaterialet (81 %). Dette tyder truleg ikkje at 85 % av alle hotellgjestene (altså populasjonen) var aktive brukarar av uterommet til turar og friluftsliv. Det er sannsynleg at dei som har vore fysisk aktive i større grad fyller ut skjema enn dei som ikkje har vore det, men vi kan ikkje seie kor stor denne effekten er. Meir vurdering av datamaterialet i kapittel 4.

I spørsmåla vidare har vi spurt om kor mange som utøvde kva slag aktivitetar. På desse spørsmåla er det dessverre like vanleg at ein berre har kryssa av på at aktiviteten vart utøvd, i staden for å fyller ut kor mange som var aktive.

Om vi presenterer det forenkla biletet (altså kva aktivitetar som er kryssa av for) så er **vinterbiletet slik**⁴:

- **68 % skitur,**
- **32 % alpint,**
- **13 % spasertur,**
- **11 % aking**
- **7 % anna** (skøyter, kiting (skisegling), grave snøhole, riding, trugetur, soling ...).

For sommarsesongen er tala:

- **71 % fottur,**
- **5 % sykla,**
- **10 % anna** (biltur, fiske, foto, riding, bading, rusletur...).

Det er ingen vesentleg skilnad mellom gjestene på Alpin- og på Turhotell i om ein driv med uteaktivitetar eller ikkje. Aktivitetsomfanget (tal gjester som er uteaktive) er som sagt noko høgare i vintersesongen (87 %) enn i sommarsesongen (81 %), og denne fordelinga gjeld både Alpin- og Turhotell.

³ ANOVA: $F=21,88$, $df=231$, $p<0,001$

⁴ Desse prosenttala viser til kor mange gjesterom som hadde gjester som var aktive.

Når det gjeld sommaren så presenterer vi berre **fotturar** meir i detalj (fordi fotturar dominerer fullstendig i svarmaterialet). Her er **gjestene på Turhotell meir aktive (74 %)** enn gjestene på Alpinhotell (58 %).

For vintersesongen er det relevant å kommentere fleire aktivitetar. Skitur er den mest interessante (i høve til prosjektformålet), og Turhotella visar seg å ha langt meir skitur-aktive gjester (83 %) enn Alpinhotella (34 %). Når det gjeld å køyre alpint er det rimeleg nok omvendt: 66 % av gjestene på Alpinhotella køyrer alpint, mot berre 13 % av gjestene på Turhotella. Spaserturar om vinteren er mindre vanleg (rundt 13 %) og her er det liten skilnad mellom gjestene på Tur- og Alpinhotell.

Lengda på turen?

Skjemaet hadde to opne spørsmål om turen og turlengda, det eine galdt eventuelle rundturar og det andre spesielt oppsøkte turmål. Sidan eg i liten grad analyserer på bedriftsnivå (med unntak for i kapittel 3,5), så blir summerte data om typen tur og turlengde det interessante. Det er om lag 250 skjema som både oppgjev å ha gått på tur og kor vi kan identifisere turlengda. Desse fordelar seg likt mellom rundturar og bestemte turmål. Og med unntak av 3 skjema så har dei ENTEN gått rundtur eller oppsøkt bestemte turmål⁵. Berre for rundturar vart det spurt om turlengde. For dei som har oppsøkt bestemte turmål har vi rekna ut cirka-lengde ved hjelp av det som står i skjemaet og manuell "måling" på kart. Blant dei som har skrive om "turmål" inngår også ein del som har gått frå hytte til hytte og som difor har nemnt t.d. strekninga Hellevassbu-Haukeliseter eller Eldåbu-Venabu. Spørsmålet fangar altså ikkje berre opp turar ut frå, men også inn til den aktuelle bedrifta. Det er sjølv sagt like relevant i denne samanheng.

Det er signifikant skilnad i lengda på turane mellom sommargjester og vintergjester, både for rundturar⁶ og for dei som oppsøkte bestemte turmål⁷. Og det er vinterturane som er lengst – sjå **tabell 3.1**. Dette er ganske logisk sidan ein normal skitur går raskare enn ein normal fottur, og det understrekar også at aksjonsradiusen til gjestene er større på ski enn til fots. Derimot er det ganske liten skilnad på turlengda for dei som går rundtur og dei som går att og fram til bestemte turmål.

Tabell 3.1 For dei som gjekk tur frå hotellet, kor lang var turen?

Type tur	Sesong	N	Middellengde (i km)
Lengda på rundtur	Vinter	78	14,0
	Sommar	51	8,5
	Total	129	11,8
Lengda på tur til bestemte turmål	Vinter	85	13,5
	Sommar	39	9,6
	Total	124	12,3
Turlengde, uansett type tur	Vinter	160	13,9
	Sommar	90	9,0
	Total	250	12,1

Spørsmåla om rundtur og om turmål blir altså svart på av ulike gjester. Desse kan vi då slå saman og få eit samla mål for TURLENGDE, som slik sett fangar opp 250 av gjestene (**tabell 3.1**). Dette samlemålet viser sjølv sagt den same skilnaden mellom turlengdene for sommar- og vintergjester.⁸

⁵ Og for desse tre ser det ut til at det både er gjennomført ein rundtur og ein att-og-fram tur.


⁶ ANOVA: $F=19,00$, $df=128$, $p<0,001$

⁷ ANOVA: $F=12,00$, $df=123$, $p<0,01$

⁸ ANOVA: $F=31,38$, $df=249$, $p<0,001$

Det er også signifikant skilnad i turlengder mellom gjester på Turhotell og på Alpinhotell. Når det gjeld skiturar går gjestene på Turhotell i snitt 14,6 km og gjestene på Alpinhotell 11,2 km.⁹ Skilnaden er endå tydelegare sommar tid: Turhotell-gjester går i snitt 9,5 km og Alpinhotell-gjester 4,5 km.¹⁰

Ved å sortere mellom Reise Til-hotell og Reise Forbi-hotell så ser vi eit noko anna mønster. Det er ingen skilnad for barmarkssesongen, men endå større skilnad for skisesongen: På Reise Til-hotell går gjestene skiturar på 15,8 km i gjennomsnitt, og på Reise Forbi-hotell 11,8 km.¹¹ Det er kategorien rundturar (og ikkje fram og tilbake til eit turmål) som skil mellom desse hotellkategoriane: 16,9 km samanlikna med 9,4 km (sjå **figur 3.3**).¹²



Figur 3.3 Skilnaden i rundturlengder for skiturar blant vintergjester ved Reise Til-hotell og Reise Forbi-hotell (N=77)

Av dei som gjekk tur så starta 90 % turen sin frå hotellet og resten køyrde bil til der turen starta. Alle som kombinerte turen med bilkøyring var sommarturistar (**tabell 3.2**). **Vinterturistane starta altså alltid skituren sin ved hotellet.**

Tabell 3.2 Kvar starta fot- eller skituren. Tal personar

		Gjekk frå hotellet	Bil frå hotellet	Total
Periode	Vinter	173	0	173
	Sommar	86	26	112
Total		259	26	285

⁹ ANOVA: F=6,51, df=159, p<0,05

¹⁰ ANOVA: F=7,33, df=89, p<0,01

¹¹ ANOVA: F=13,31, df=159, p<0,001

¹² ANOVA: F=20,43, df=76, p<0,001

Skil lågsesong seg frå høgsesong?

Det er lettare å skilje lågsesong frå høgsesong om vinteren. Påska skil seg klart frå tida like før og like etter påska, og det er desse periodane som er kartlagt her. Vinterferietida er kanskje på line med påska, som ein klar høgsesong, men vi har ikkje data for vinterferietida. Kva ein kan rekne som høgsesong i barmarkstida var dei hotellansvarlege usikre på – hausten eller fellesferien? Eg delar difor barmarkssesongen i sommar og haust, men utan å kalle det høg- eller lågsesong. Gjestetala for ei ulike sesongane er presentert i **tabell 3.3**.

Tabell 3.3 Gjestefordeling på ulike sesongar, for alle gjester i materialet


	N	%
Høgsesong vinter	149	37
Lågsesong vinter	108	27
Juli	64	16
September	83	21
Total	404	100

For dei 250 som vi kjenner turlengda for, så er det skilnader mellom sesongane når det gjeld gjestenes turlengder.¹³ Skilnaden mellom sommar- og vintersesong har vi alt slått fast, men det mest påfallande ved å samanlikne sesongar innan same årstid er at **skiturane i lågsesong er signifikant lengre (snitt 16,1 km) enn skiturane i påska (12,6 km)**. Derimot er det ikkje skilnad mellom lengda på fotturar i juli og i september (sjå **tabell 3.4** og **figur 3.4**).

Tabell 3.4 Gjennomsnittleg turlengde til ulike sesongar, heile materialet

Sesong	N	Snitt (km)
Høgsesong vinter	101	12,6
Lågsesong vinter	59	16,1
Juli	34	9,4
September	56	8,7
Total	250	12,1

¹³ ANOVA: F= 14,24, df=249, p<0,001



Figur 3.4 Gjennomsnittlige turlengder ved ulike sesongar. Alle gjester (N=250)

3.4 Bruk og oppleving av tilrettelegging og infrastruktur

Bruk av løyper og infrastruktur?

Vinterstid brukte skituristane i hovudsak oppkøyrd løyper¹⁴; 77 % gjekk berre langs oppkøyrd eller merkte løyper, medan 14 % seier dei gjekk både i og utanfor slike løyper. 9 % gjekk hovudsakleg utanfor slike merkte løyper (tabell 3.5). Det er ikkje signifikante skilnader mellom gjester på Turhotell og Alpinhotell i så måte, og heller ikkje mellom Reise Til-hotell og Reise Forbi-hotell.

Tabell 3.5 Bruken av oppkøyrd og merkte løyper blant vintergjestene (N=203)

Brukte du løyper då du gjekk tur?	Prosent
Nesten berre i oppkøyrd/merkte løyper	77
Ein god del både i og utanfor oppkøyrd/merkte løyper	14
For det meste utanfor oppkøyrd/merkte løyper	9

Sommarstid er det eit tilsvarande mønster¹⁵, men ikkje fullt så eintydig (tabell 3.6): 5 % gjekk berre langs bilveg, 63 % gjekk nesten berre langs godt merkte og skilta stiar, 22 % både på merkte og umerkte stiar, og 10 % gjekk i hovudsak langs umerkte stiar eller i terrenget utanfor stiar.

¹⁴ Det var 79 % av vintergjestene som svarte på dette spørsmålet

¹⁵ Det var 78 % av sommargjestene som svarte på dette spørsmålet

Tabell 3.6 Bruken av veg og stiar blant barmarksgjestene (N=115)

Brukte du veg eller stiar då du gjekk tur?	Prosent
Nesten berre langs bilveg	5
Nesten berre langs godt merkte og skilta stiar	63
Ein god del både langs merkte og umerkte stiar	22
For det meste langs umerkte stiar eller i terrenget utanfor stiar	10

Turhotell-gjestene skil seg signifikant frå Alpinhotell-gjestene, og særleg på eitt punkt: **Turhotell-gjestene brukar først og fremst merkte og skilta stiar (69 %)**, mot berre 29 % av Alpinhotell-gjestene. I det heile brukar Alpinhotell-gjestene heile spekteret frå bilveg til terrenget. Dette mønsteret blir delvis forsterka når vi samanliknar Reise Til-hotell og Reise Forbi-hotell: **På Reise Til-hotell er det heile 75 % som held seg til godt merkte og skilta stiar.** På Reise Forbi-hotell fordelar det seg om lag like mange på merkte (42 %) og umerkte stiar (37 %).

Bruken av hjelpemiddel for å orientere seg varierer: 38 % brukar korkje **kart eller GPS**. 41 % har med kart og 12 % GPS. Her er det liten skilnad mellom vinterbruk og sommarbruk. Det er noko fleire som brukar både kart (50 %) og GPS (15 %) på Turhotell, samanlikna med gjestene på Alpinhotell.

Oppliving og trivsel?

Dei aller fleste (91 %) er Nøgde eller Svært nøgde med tilrettelegginga "alt i alt i dagsturuområdet rundt bedriften", som det heiter i spørjeskjemaet. Som **tabell 3.7** viser så er det berre 3 % (N=10) som er misnøgde, men dei er til gjengjeld også "Svært misnøgde". Med eitt unntak er alle dei misnøgdte vintergjester, men det er ingen skilnad mellom gjestene frå Turhotell og Alpinhotell.

Tabell 3.7 Kor nøgde var respondentane alt i alt med tilrettelegginga for friluftsliv i dagsturuområdet rundt bedrifta?

	N	%
Svært misnøgd	10	3
Misnøgd	0	0
Verken nøgd eller misnøgd	23	6
Nøgd	173	47
Svært nøgd	165	45
Total	371	100

Tre firedelar av alle gjester svarar på spørsmålet om noko bør betrast når det gjeld tilrettelegging. Av desse er det $\frac{3}{4}$ som svarar Nei. Her var det også høve til å skrive inn tekst med forslag til utbetringar, og om lag 90 har kome med forslag:

- 29 av desse dreiar seg om å få fleire merkte eller oppkøynde skiløyper eller merkte turruter – ikkje minst rundturar. Blant desse er det også fleire som vil ha betre og hyppigare preparering av skiløypene. Enkelte etterlyser spesielle preparerte ruter for å gå til fots vinterstid
- 22 forslag gjeld betre merking og/eller skilting av stien eller løypa

- 10 forslag om ymse tilretteleggingar langs turruter (stokklegging/bruer, rastebuer, rasteplassar, benkar, doar, opne eksisterande hytter mm)
- 8 forslag tek for seg informasjonsbehovet (og kunnskapsmangel) på hotellet og på heimesider, i høve til spesielle turhøve (t.d. barnevennlige ruter), kva som er preparert eller ikkje osb
- 4 forslag om å stoppe eller avgrense utbygginga i fjellet (hotell, hytter, brøyting)
- 4 forslag om service- og aktivitetstiltak på / ved hotellet (akebakke, ny sauna, gratis te/kaffi).

Her ser vi at (delvis) omfanget av og (delvis) kvaliteten på tilrettelegging for "lineferdsel" (stiar, skiløyper) er særleg kommentert og etterspurt. I tillegg er det eit faktum at stiar og skiløyper faktisk er brukt av dei aller fleste. Dette er sjølv sagt ikkje overraskande; det berre understrekar at stiar og skiløyper er den viktigaste positive tilrettelegginga for majoriteten av gjestene. Det er kanskje meir overraskande at så mange som 9-10 % i hovudsak gjekk utanom både skiløyper og merkte stiar.

3.5 Ferdsel frå fjellnære reiselivsbedrifter

Kan ein nytte det innsamla talmaterialet til å seie noko meir generelt om ferdselen ut frå dei aktuelle bedriftene? Denne utfordringa er vanskeleg, sidan gjennomføringa ved dei ulike bedriftene har vore så variabel. For mange bedrifter er det ikkje råd å seie kva dei innleverte skjema faktisk representerer, i forhold til gjestepopulasjonen.

Men det er nokre bedrifter som både har gjennomført ganske i tråd med instruksen og som har ein rimeleg god svarprosent (sjå **tabell 2.2**). I vinterundersøkinga gjeld dette Bortelidseter, Brekkeseter og Venabu. I sommarundersøkinga gjeld det dei to bedriftene på Hovden, samt Venabu.

Sidan materialet viser ein klar skilnad i skiturlengder i påska og utanom påska, så vert høg- og lågsesongen vinter presenterte kvar for seg. For barmarkstida ser eg ikkje grunn til å dele mellom sommar- og haustsesong.

Eg presenterer her eit gjennomsnitt av ulike ferdselsrelevante data for tre vinterbedrifter og tre barmarksbedrifter. Men for å "rekne ut" ferdselen ut frå kvar enkelt bedrift vel eg likevel å leggje visse hotellspesifikke data til grunn, nemleg gjennomsnittleg turlengde "i dag" ved denne bedrifta, kor mange som bur på kvart rom (i snitt) og kor mange som har vore uteaktive.¹⁶ På bakgrunn av desse lokale "fakta", samt storleiken på bedrifta (tal rom), kor mange rom som er utleigde og svarprosenten i undersøkinga, så kan eg **rekne ut eit (øvre?) tal for ferdselsomfang pr. dag i den aktuelle sesongen. Dette føreset altså at dei som har svart er representative for alle gjestene.** Sjå drøfting av feilkjelder i kapittel 4.

Ferdselsomfang = Snitt turlengde pr gjest x tal skiaktive pr rom x tal rom i bruk

3.5.1 Vinter – påske

Påskematerialet samla for dei aktuelle bedriftene (Bortelidseter, Brekkeseter og Venabu) utgjer 62 case (dvs. utleigde rom). Av desse har 41 oppgjeve sine turlengder. I gjennomsnitt har desse gjestene gått ein dagstur på **13,9 km**, og variasjonen går frå 3 til 42 km. Dei som har gått rundtur har gått litt lenger (14,1 km) enn dei som har gått att og fram til eit turmål (13,0 km).

¹⁶ Sidan mange hotell er ganske små, med få gjester og få innleverte skjema, så er det ein tryggleik i å byggje ei utrekning på gjennomsnittsdata frå fleire likearta bedrifter. Men her er det ein balansegang mot lokale forhold som ein må ta høgde for, for å estimere ferdsel ut frå bedrifta.

Det bur mellom 1 og 14 personar på dei romma som desse 62 gjestene representerer. I snitt blir det 3 personar på rommet. Dei utfylde skjema gjev altså informasjon om 180 gjester.

Av desse 62 romma har **84 %** (N=52) hatt **uteaktive gjester** den aktuelle dagen. Dei fleste har gått skitur (77 %, dvs. på 48 av 62 rom), 15 % har køyrt alpint, og 13 % gått ein spasertur. Vi konsentrerer oss om dei som har gått skitur. Dessverre er det berre 28 av 48 som seier kor mange på rommet som har vore på skitur; dei siste 20 har berre kryssa av at nokon på rommet har gått på ski. Dei 28 som har vore presise, svarar på vegne av 79 personar (**2,8 skiaktive personar pr rom**). Dersom dei 20 siste representerer like mange skiaktive pr rom, så kjem det (20 x 2,8 personar =) 56 personar i tillegg. Totalt blir det 135 gjester. **75 % av gjestene i materialet har gått skitur.**

Dei aller fleste (75 %) gjekk i oppkøyrde løyper. 11 % gjekk både i og utanfor oppkøyrde løyper og dei siste 14 % gjekk stort sett utanfor løypene. Og 95 % seier at dei er nøgde eller svært nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv i dagsturuområdet rundt bedrifta.

Utrekna ferdsel frå enkeltbedrifter i påska

BORTELIDSETER hadde 14 rom utleigd av i alt 25 rom, altså 56 % utleigd. Og veret var fint.

- 7 skjema var utfylt, og altså ein **svarprosent på 50**.
- I snitt budde det **3,4 personar pr utleigd rom**; altså har vi eit **svarmateriale for 24 gjester**.
- Den gjennomsnittlege turlengda er **9,6 km**, altså noko kortare turar enn gjennomsnittet for dei tre hotella som er med i påskematerialet.
- 71 % av romma hadde skiaktive gjester, og desse uttalar seg på vegne av 15 skiaktive personar (frå 2 til 4, og med eit snitt på 3 skiaktive pr rom).
- **63 % av gjestene har gått skitur.**

Ferdelsesomfang ein påskedag ut frå **Bortelidseter 2008**:

$$= \underline{9,6 \text{ km}} \times \underline{3 \text{ skiaktive pr rom}} \times \underline{71 \% \text{ skiaktive rom av 14 utleigde rom}}$$

$$= 9,6 \text{ km} \times 3 \times 10$$

→ **30 gjester som i snitt går 9,6 km.**

BREKKESETER hadde 38 einingar utleigd av i alt 40 einingar, fordelt på 12 rom og 14 hytter, altså 95 % utleigd. Kaldt, delvis vindfullt, sol/snø

- 14 skjema var utfylt, og altså ein **svarprosent på 37**.
- I snitt budde det **2,6 personar pr utleigd rom/hytte**; altså har vi eit **svarmateriale for 37 gjester**.
- Den gjennomsnittlege turlengda er **15,2 km**.
- 93 % av romma/hyttene hadde skiaktive gjester; desse uttalar seg på vegne av 34 gjester (frå 1 til 5, og med eit snitt på 2,6 skiaktive pr rom).
- **93 % av gjestene har gått skitur.**

Ferdelsesomfang ein påskedag ut frå **Brekkeseter 2008**:

$$= \underline{15,2 \text{ km}} \times \underline{2,6 \text{ skiaktive pr rom}} \times \underline{93 \% \text{ skiaktive bueiningar, av 38 utleigde einingar}}$$

$$= 15,2 \text{ km} \times 2,6 \times 35$$

→ **91 gjester som i snitt går 15,2 km.**

VENABU hadde 67 bueiningar utleigd av i alt 69 einingar, altså 97 % utleigd. Kaldt, delvis vindfullt, sol/snø

- 41 skjema var utfylt, og altså ein svarprosent på 61.

- I snitt budde det **3,0 personar pr utleigd rom/hytte**; vi har eit **svarmateriale for 122 gjester**.
- Den gjennomsnittlege turlengda er **14,2 km**.
- 73 % av bueiningane hadde skiaktive gjester; desse uttalar seg på vegne av 87 gjester (frå 1 til 10, og med eit snitt på 2,9 skiaktive pr rom).
- **71 % av gjestene har gått skitur.**

Ferdelsesomfang ein påskedag ut frå Venabu 2008:

$$= \underline{14,2 \text{ km}} \times 2,9 \text{ skiaktive pr rom} \times \underline{71 \% \text{ skiaktive rom/hytter av 67 utleigde rom/hytter}}$$

$$= 14,2 \text{ km} \times 2,9 \times 48$$

$$= \underline{139 \text{ gjester som i snitt går 14,2 km.}}$$

3.5.2 Vinter – lågsesong

Vi held fast på dei same tre Turhotella (N=52). Venabu gjorde si undersøking før påske og dei to andre etter påske.

Av desse 52 har 43 oppgjeve sine turlengder. I gjennomsnitt har desse gjestene gått ein dagstur på **17,6 km**, og variasjonen går frå 9 til 35 km. Dei som har gått rundtur har i snitt gått lenger (19,6 km) enn dei som har gått att og fram til eit turmål (15,0 km).

Det bur mellom 1 og 5 personar på dei romma desse 52 gjestene representerar. I snitt blir det knapt 2 personar på rommet. Dei utfylde skjema representerer 102 gjester.

Av desse har 90 % vore uteaktive den aktuelle dagen. Dei fleste har gått skitur (85 %, dvs. på 44 av dei 52 romma), 8 % har køyrt alpint, og 15 % gått ein spasertur. Vi konsentrerer oss om dei som har gått skitur. Dessverre er det berre 29 av 44 som seier kor mange på rommet som har vore på skitur; dei siste 15 har berre kryssa av at nokon på rommet har gått på ski. Dei 29 som har vore presise svarar på vegne av 58 personar. Dersom dei 15 siste representerer like mange turaktive pr rom, så kjem det (15 x 2 personar =) 30 personar i tillegg. Totalt blir det 88 gjester.

Dei aller fleste (74 %) gjekk i oppkøyrde løyper. 20 % gjekk både i og utanfor oppkøyrde løyper og dei siste 6 % gjekk stort sett utanfor løypene. Og 92 % seier at dei er nøgde eller svært nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv i dagsturuområdet rundt bedrifta.

Utrekna ferdsel frå enkeltbedrifter i vinterens lågsesong:

BORTELIDSETER hadde 4 rom utleigd av i alt 25 rom, altså 16 % utleigd. Og veret var veldig fint (etter påske).

- 4 skjema var utfylt, og altså ein **svarprosent på 100**.
- I snitt budde det **1,25 personar pr utleigd rom**; altså har vi eit **svarmateriale frå alle 5 gjestene på hotellet**.
- Den gjennomsnittlege turlengda er **10,0 km**, altså også i lågsesong noko kortare turar enn gjennomsnittet for dei tre "vinterhotella".
- 50 % av romma hadde skiaktive gjester, og desse uttalar seg på vegne av 2 skiaktive personar. (NB: Alle 5 gjestene hadde køyrt alpint).
- **40 % av gjestene har gått skitur.**

Ferdelsesomfang ein dag etter påske, ut frå Bortelidseter 2008:

$$= \underline{10,0 \text{ km}} \times \underline{1 \text{ skiaktiv pr rom}} \times \underline{50 \% \text{ skiaktive rom av 4 utleigde rom}}$$

$$= 10,0 \text{ km} \times 1 \times 2$$

$$\rightarrow \underline{2 \text{ gjester som i snitt går 10,0 km.}}$$

BREKKESETER hadde 16 einingar utleigd av i alt 38 einingar, fordelt på 12 rom og 14 hytter, altså 42 % utleigd. Middels fint ver (etter påske).

- 13 skjema var utfylt, og altså ein **svarprosent på 81**.
- I snitt budde det **2,1 personar pr utleigd rom/hytte**; altså har vi eit **svarmateriale frå 27 gjester**.
- Den gjennomsnittlege turlengda er **17,5 km**. Gjennomsnittet for dei som har gått rundturar er heile 24,3 km (dette er innbakt i gjennomsnittet på 17,5 km).
- 92 % av romma/hyttene hadde skiaktive gjester; desse uttalar seg på vegne av 22 gjester (frå 1 til 2, og med eit snitt på 1,8 skiaktive pr rom).
- **81 % av gjestene har gått skitur.**

Ferdelsesomfang ein dag etter påske, ut frå Brekkeseter 2008:

= 17,5 km x 1,8 skiaktive pr rom x 81 % skiaktive bueiningar, av 16 utleigde einingar

= 17,5 km x 1,8 x 16

→ **29 gjester som i snitt går 17,5 km.**

VENABU hadde 51 bueiningar utleigd av i alt 69 einingar, altså 74 % utleigd. Før påske.

- 35 skjema var utfylt, og altså ein svarprosent på 69.
- I snitt budde det **2,0 personar pr utleigd rom/hytte**; vi har eit **svarmateriale frå 70 gjester**.
- Den gjennomsnittlege turlengda er **18,1 km**.
- 86 % av bueiningane hadde skiaktive gjester; desse uttalar seg på vegne av 60 gjester (frå 1 til 4, og med eit snitt på 2,0 skiaktive pr rom).
- **86 % av gjestene har gått skitur.**

Ferdelsesomfang ein dag før påske, ut frå Venabu 2008:

= 18,1 km x 2,0 skiaktive pr rom x 86 % skiaktive rom/hytter av 51 utleigde rom/hytter

= 18,1 km x 2,0 x 44

= **88 gjester som i snitt går 18,1 km.**

3.5.3 Barmarkssesongen

Materialet frå barmarkssesongen er her samla for følgjande bedrifter: Hovden Høgfjellshotell, Hovden Fjellstoge og Venabu Fjellhotell, og utgjør 118 case/skjema (dvs. utleigde rom). Av desse har 73 oppgjeve sine turlengder. I gjennomsnitt har desse gjestene gått **ein dagstur på 9,4 km**, og variasjonen går frå 2 til 30 km. Dei som har gått rundtur har gått litt kortare (8,4 km) enn dei som har gått att og fram til eit turmål (10,5 km).

Det bur mellom 1 og 5 personar på romma som desse 118 gjestene representerer. I snitt bur det 2,1 personar på kvart rom. Dei utfylde skjema omfattar altså 248 gjester.

I alt har 81 % av alle rom hatt **uteaktive** gjester den aktuelle dagen. Dei fleste har gått fottur (68 %, dvs. på 80 av 118 rom) og 4 % har sykla. Vi konsentrerer oss om dei som har gått fottur. Dessverre er det berre 49 av 80 som seier kor mange på rommet som har vore på fottur; dei siste 31 har berre kryssa av at nokon på rommet har gått tur. Dei 49 som har vore presise, svarar på vegne av 129 personar (**2,6 fotturaktive personar pr rom**). Dersom dei 31 siste representerer like mange turaktive pr rom, så kjem det (31 x 2,6 personar =) 81personar i tillegg. Totalt blir det 210 gjester som har gått fottur: **84 % av gjestene i materialet har gått fottur.**

Av dei som har gått fottur har **66 % gått nesten berre langs godt merkte og skilta stiar**. 19 % gjekk både langs merkte og umerkte stiar, og 10 % i hovudsak gått langs umerka stiar eller i

terrenget utanfor stiar. Dei sist 5 % gjekk nesten berre langs bilveg. Og 93 % seier at dei er nøgde eller svært nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv i dagsturområdet rundt bedrifta.

Utrekna ferdsel frå enkeltbedrifter i barmarkssesongen:

Sidan vi har slår saman data frå juli og september, må vi også rekne belegg i høve til to gonger gjestekapasitet og svarprosent i høve til summen av gjester for dei to undersøkningsperiodane, for kvar enkelt bedrift. Sidan to innsamlingsperiodar blir slått i hop (dvs. to dagars kartlegging) må tala pr bedrift delast på to for å få ein dags ferdsel. Slik sett kan tala samanliknast med tala for dei to vintersesongane.

HOVDEN FJELLSTOGE hadde til saman 14 rom utleigd av i alt (2x) 10 rom, altså 70 % utleigd.¹⁷ 7 skjema vart utfyllt, og altså ein **svarprosent på 50**.

- Det budde i gjennomsnitt **2 personar pr utleigd rom**; altså har vi eit **svarmateriale frå 14 av gjestene på Fjellstoga**.
- Den gjennomsnittlege turlengda er **12,3 km**.
- 57 % av romma hadde fottur-aktive gjester, og desse uttalar seg på vegne av 8 personar som gjekk fottur (altså **2 aktive pr rom**).
- **57% av gjestene har gått fottur**.

Ferdelsesomfang i løpet av ein dag i barmarkssesongen, ut frå Hovden Fjellstoge 2008:

$$= 12,3 \text{ km} \times 2 \text{ fottur-aktive pr rom} \times 57 \% \text{ turaktive rom av 14 utleigde rom} \times \frac{1}{2}$$

$$= 12,3 \text{ km} \times 2 \times 8 \times \frac{1}{2}$$

→ **8 gjester som i snitt går 12,3 km.**

(Det er verdt å merke seg at berre 1 av 4 på Fjellstoga gjekk i hovudsak langs merkte stiar; resten gjekk både langs merkte og umerkte stiar, og delvis i terrenget)

HOVDEN HØGFJELLSHOTELL hadde til saman 26 rom utleigd av i alt (2x) 75 rom, altså 17 % utleigd. 13 skjema vart utfyllt, og altså ein **svarprosent på 50**.

- Det budde i gjennomsnitt **2,2 personar pr utleigd rom**; altså har vi eit **svarmateriale frå 29 av gjestene på hotellet**.
- Den gjennomsnittlege turlengda er **3,5 km**.
- 62 % av romma hadde fottur-aktive gjester, og desse uttalar seg på vegne av 19 personar som gjekk fottur (altså **2,3 aktive pr rom**).
- **65% av gjestene har gått fottur**.

Ferdelsesomfang i løpet av ein dag i barmarkssesongen, ut frå Hovden Høgfjellshotell 2008:

$$= 3,5 \text{ km} \times 2,3 \text{ fottur-aktive pr rom} \times 62 \% \text{ turaktive rom av 26 utleigde rom} \times \frac{1}{2}$$

$$= 3,5 \text{ km} \times 2,3 \times 16 \times \frac{1}{2}$$

→ **18 gjester som i snitt går 3,5 km.**

(Også her har ein majoritet gått utanom merkte stiar. 36 % har gått langs bilveg eller langs merkte stiar).

VENABU hadde 122 bueiningar utleigd av i alt (2 x) 69 einingar, altså 88 % utleigd.

- 89 skjema var utfyllt, og altså ein svarprosent på 73.
- I snitt budde det **2,1 personar pr utleigd rom/hytte**; vi har eit **svarmateriale frå 187 gjester**.
- Den gjennomsnittlege turlengda er **9,3 km**.

¹⁷ Fjellstoga har også 21 hytter, i tillegg til romma. Noko uvisst om desse skal reknast inn i gjestekapasiteten i denne samanheng.

- 76 % av bueiningane hadde fotturaktive gjester; desse uttalar seg på vegne av 149 gjester (2,2 turaktive pr rom).
- **80 % av gjestene har gått fottur.**

Ferdelsesomfang i løpet av ein dag i barmarkssesongen, ut frå *Venabu 2008*:

$$= 9,3 \text{ km} \times 2,2 \text{ skiaktive pr rom} \times 76 \% \text{ turaktive rom av } 122 \text{ utleigde rom} \times \frac{1}{2}$$

$$= 9,3 \text{ km} \times 2,2 \times 93 \times \frac{1}{2}$$

$$= 102 \text{ gjester som går i snitt } 9,3 \text{ km.}$$

(Ved Venabu går 75 % i hovudsak langs merkte stiar, og 14 % kombinerer merkte og umerkte stiar).

Ulike sesongar ved Venabu, med drøfting

Sidan det er så stort svarmateriale frå Venabu (og alle sesongar er dekt), så kan det vere interessant med ei lita oppsummering og samanlikning av dei ulike sesongane for nettopp denne bedrifta.

Med unntak av dei to sommarsesongane så er turlengdene signifikant ulike frå sesong til sesong.¹⁸ Dei lengste turane blir altså gjennomført i lågsesong vinter, og dei kortaste turane om sommaren (**tabell 3.8**). Det kan sjå ut til at gjestene har ei noko anna "atferd" eller eit anna besøksmotiv for vinterbesøket sitt før påska enn i påska. Men veret kan også ha spela inn; påska 2008 var det mykje kaldt og surt ver i Rondane-området, og det kan sjølvsagt ha gjort at turane vart kortare. Denne vurderinga om veret gjeld såleis både Venabu og Brekkeseter. Bordelidseter hadde mykje betre ver, både i påska og etter påske, og der var det heller ikkje nokon skilnad i turlenger for dei to vintersesongane (men talgrunnet er svært lite). Også for Hovden Høgfjellshotell er det eit svært lite datamateriale, men heller ikkje her er det skilnad i turlengda i og etter påske.

Tabell 3.8 Oppsummering av turlengder ved ulike sesongar ved Venabu Fjellhotell

Sesong	N	Turlengder i km		
		Snitt turlengde	Kortaste tur	Lengste tur
Påska	23	14,2	5	42
Før påske	29	18,1	10	35
Juli	25	9,9	2	30
September	35	8,9	2	20
Total	112	12,6	2	42

3.6 Regulering av (den frie) ferdsele?

I balansen mellom bruk og vern så er ikkje spørsmålet nødvendigvis knytt til bruk eller ikkje-bruk, men like mykje til korleis bruken artar seg. Det tyder t.d. at ein kan setje i verk forvaltningstiltak som gjer at ein dempar eller unngår konflikten i høve til villreininteressene, men likefullt imøtekjem eit ønske om å bruke eller oppleve det aktuelle området.

¹⁸ ANOVA: F=11,70, df=111, p<0,001

Spørjeskjemaet hadde ein bolk med spørsmål knytt til slike utfordringar. Bolken vart innleidd på denne måten:

"I dette fjellområdet er det nå omfattende diskusjoner om avveiningene mellom bruk og vern. Pr. i dag er det ikke aktuelt å innføre begrensninger på den individuelle ferdselen, men det kan tenkes at dette kan bli aktuelt i noen få områder i framtida. Det er derfor av interesse å få synspunkter på mulige tiltak for å styre ferdselen. Hvordan ville du reagert på følgende tiltak i dette fjellområdet?" Dei konkrete spørsmåla/tiltaka er presenterte i **tabell 3.9**.

Det er tre ulike kategoriar tiltak som blir "foreslått", nemleg styring av fysiske tiltak (stiar, løyper), bruk av ulike forbod og bruk av opplæring. Dei samla tala som blir presenterte i **tabell 3.9**, viser ikkje ein umiddelbar tendens i høve til desse tre kategoriane. Men det ein ser fort er at for alle forslaga så ville majoriteten fortsetje å bruke området sjølv om tiltaket vart i verk sett. Det er færrast som har kryssa av for "Veit ikkje" på dei to første tiltaka, nemleg forslaga om å avgrense talet stiar og skiløyper. Det er ikkje usannsynleg at det er fordi stiar og løyper er tiltak som folk er godt kjent med og lett ser for seg konsekvensen av å endre – det er ganske greitt å finne ut om ein for eller imot. Og dei fleste meiner det kan vere greitt å redusere både talet stiar og skiløyper, men det er større motstand mot å fjerne oppkøyrde skiløyper enn å fjerne merkete stiar. Om vi summerer talet på dei som seier dei ville ha skifta turområde og talet på dei som ikkje veit kva dei ville, så er desse (grovt sett) om lag like mange som dei som stadig ville bruke området (sjølv om det aktuelle tiltaket vart sett i verk).

Tabell 3.9 Korleis hotellgjestene opplever ulike forslag om å regulere ferdselen for å dempe eventuelle konflikter i forhold til villreininteressene (i %). Tiltak 1 og 3 gjeld berre vintergjester, 2 og 4 berre sommargjester og dei andre gjeld alle.

Tema	N	Ville feriert i eit anna område	Ville stadig bruke dette området	Veit ikkje
1 Færre oppkøyrd skiløyper	239	35 %	49 %	16 %
2 Færre merkte stiar	131	21 %	62 %	17 %
3 Færre skiløyper innover i fjellet, men fleire løyper lenger fram i fjellet	233	22 %	52 %	27 %
4 Færre stiar innover i fjellet, men fleire stiar lenger fram i fjellet	127	14 %	49 %	37 %
5 Forbod mot å gå i bestemte område	364	30 %	43 %	27 %
6 Forbod mot å gå i bestemte område utan guide	355	32 %	41 %	27 %
7 Forbod mot å gå innover fjellet dei dagane det er villrein i området.	359	21 %	58 %	21 %
8 Måtte gjennomgå ein times kurs om "villrein og uroing" for å få lov til å ferdast på eiga hand	363	28 %	46 %	26 %

Når vi samanliknar **gjestene på Turhotell og på Alpinhotell** så er det fire tiltak som skil dei. Det gjeld **tiltak 1, 6, 7 og 8** (sjå **tabell 3.9**). Når det gjeld **Færre oppkøyrd skiløyper** så er Turhotellgjestene mest positive til slik avgrensing ($X^2(2, N=239) = 7,37, p < 0,05$) – 52 % av desse ville kome attende mot berre 44 % av Alpinhotellgjestene. **Forbod mot å gå i bestemte område utan guide** skil lite når det gjeld dei som uansett ville kome tilbake, men Turhotellgjestene har fleire som ikkje ville kome attende (36 %) og Alpinhotellgjestene fleire som ikkje veit (38 %) – $X^2(2, N=355) = 10,11, p < 0,01$. Tiltaket **Forbod mot å gå innover fjellet dei dagane det er villrein i fjellet** er i størst grad akseptert blant gjestene på Turhotell (60 %), men dei fleste som ikkje ville kome attende er også blant Turhotellgjestene (23 %). Alpinhotellgjestene har flest (31 %) som ikkje veit ($X^2(2, N=359) = 7,67, p < 0,05$). Det siste tiltaket, med **kravet om kursing** er igjen mest akseptert på Turhotella (51 %, mot berre 31 % på Alpinhotella). Dei som ikkje ville kome tilbake er likt fordelt (sjå snitt i **tabell 3.9**), medan Alpingjestene har særleg mange (43 %) som ikkje veit ($X^2(2, N=363) = 20,29, p < 0,001$).

Todeling i **gjester på Reise Til-hotell og Reise Forbi-hotell**, gjev berre signifikant skilnad for eitt tiltak, nemleg **Færre oppkøyrd skiløyper** ($X^2(2, N=239) = 11,64, p < 0,01$). Det mest utprega i dette funnet er at **blant gjestene på Reise Til-hotell så er det fleire som ikkje vil kome attende (46 %) dersom det blir færre oppkøyrd skiløyper, enn som vil kome**

attende (41 %). Gjestene på Reise Forbi-hotell har eit fleirtal (56 %) som vil kome attende sjølv om det blir Færre oppkøyrde skiløyper.

Nær halvparten av hotellgjestene har vore på same hotellet før og nær 2/3 i det same fjellområdet før. Korleis verkar så dette inn på korleis dei opplever nye reguleringsgrep? For dei fleste forslag har det ingen innverknad, men når det gjeld forslaga om å redusere talet **skiløyper** (tiltak 1 og 3 i **tabell 3.9**) så har det det. **Både blant dei som har vore i same fjellområdet før (55 og 57 % av desse) og dei som har vore på same hotellet før (58 og 59 % av desse) er det særleg mange som vil kome tilbake sjølv om det blir færre skiløyper**¹⁹ (jfr. prosenttala i **tabell 3.9** for tiltak 1 og tiltak 3). Også for tiltak 8 (kurs om villrein og uroing) ser ein same signifikante utslag av erfaring, men berre for dei som har vore på same hotellet før: 53 % av desse, samanlikna med 39 % av dei som ikkje har vore på hotellet før, ville kome tilbake.

For enkelte av tiltaka slår også **utdanningsnivå** ut. Forslag 5, 7 (to typar forbod) og 8 (kurs) blir i større grad akseptert blant dei med høg utdanning, medan forslag 2 og 4 (færre stiar) blir minst akseptert av dei som har høg utdanning.²⁰ Det er høgt utdanningsnivå blant hotellgjestene, og det betrar truleg høva for å nytte informasjon og læringstiltak.

¹⁹ Her er det signifikante skilnader på 5 % nivå (Kji-kvadrat test) mellom dei med erfaring frå området / hotellet og dei utan.

²⁰ ANOVA-test: For dei nemnde tiltaka er det signifikant skilnad på 5 % nivå.

3.7 Eiga friluftslivserfaring

Det er stor variasjon i friluftslivserfaringa blant gjestene. Vårt eine spørsmål gjekk på kor mange gonger gjestene (i løpet av heile livet) hadde vore på fleirdagars fotturar eller skiturar. Det to største gruppene er dei som brukar ytterpunktta på skalaen, nemleg Aldri (24 %) og Meir enn 20 gonger (32 %) – sjå nedste line i **tabell 3.10**. Her er det ingen skilnad mellom sommargjester og vintergjester.

Tabell 3.10 Friluftslivserfaring (i form av eigne fleirdagars fot- eller skiturar) for gjester på Turhotell og Alpinhotell, og for heile materialet (N=392).

	Kor ofte har du vore på fleirdagstur?						N
	Aldri	1 gong	2-5 gonger	6-10 gonger	11-20 gonger	> 20 gonger	
Turhotellgjester	18 %	6 %	13 %	13 %	10 %	40 %	285
Alpinhotellgjester	41 %	8 %	18 %	13 %	8 %	12 %	107
Alle gjester	24 %	7 %	15 %	13 %	9 %	32 %	392

Kva så når vi igjen delar i gjester på Turhotell og på Alpinhotell? Det er klar signifikant skilnad mellom desse gjestene ($X^2(5, N=392) = 38,35, p < 0,001$). Vi ser av **tabell 3.10** at dei særleg erfarne i større grad er gjester på Turhotell (40 % har vore på overnattingstur meir enn 20 gonger), medan dei heilt utan erfaring er særleg hyppige gjester på eit Alpinhotell (41 %).

Når vi samanliknar Reise Til-hotell og Reise Forbi-hotell så er det ingen signifikant skilnad mellom gruppene.

Eit litt overraskande funn er at graden av friluftslivserfaring ikkje verkar inn på om gjestene brukar merkte stiar / oppkøyrd skiløyper eller ikkje. Ein kunne kanskje vente at dei med meir erfaring i større grad ville gå utanom stiar og løyper.


Vi har funne at dei lengste turane blir gått vinterstid, men utanom påska. Då skulle ein kanskje tru at dei mest erfarne friluftsfolka var særleg godt representert i lågsesong vinter, men slik er det ikkje. Det er ingen påviseleg skilnad i friluftserfaring blant gjestene frå dei ulike sesongar.

3.8 Purismegrad

Purismegrad er eit taluttrykk for kva ønskje "naturgjester" har til **sitt ideelle turområde**. Desse spørsmåla er formulert slik at dei som blir intervjuar skal tenke ideelt og ikkje kople svara til ønskja for nettopp den turen dei no gjennomfører og det området dei vitjar i samband med opphaldet på hotellet (sjå spørsmål 14 i **Vedlegg 1 & 2**). Spørsmåla dreiar seg i stor grad om preferansar i forhold til fysisk tilrettelegging og service i turområdet og om korleis dei trivs med å møte andre folk i turområdet. Spørsmåla er godt utprøvde i andre område/undersøkingar, og ser også ut til å gje god meining for dei intervjuar i denne ferdselsundersøkinga (78 % har svara på alle 8 spørsmåla). Reliabilitetstesten (sjå nedanfor) viser også veldig godt samhald mellom dei aktuelle variablane.

Her inngår 8 variablar, kvar med skåreverdi frå 1 til 7. I analysen snur vi alle 8 svarskalear "same veg" slik at høg skåreverdi tyder høg purisme (dvs ønskje om ingen tilrettelegging og om eit folketomt område, som eit ytterpunkt). Teoretisk kan respondenten få ein summert

skåreverdi for alle 8 variablane mellom 8 (1x8) og 56 (7x8), og med det "nøytrale" gjennomsnittet på 32 (=8x4). I svarmaterialet varierer purismeskåren mellom 8 og 55, og med eit gjennomsnitt på 25, altså i lågpuristisk retning (sjå **figur 3.5**). Dvs. at gjennomsnittet har ein "hang" til fysisk tilrettelegging i sitt idealområde og trivs godt med å møte andre folk der. Sjå vidare drøfting av dette i kapittel 4.



Figur 3.5 Purismegrad (mellom 8 og 55 "poeng", og snitt på 25) for alle case i heile materialet av hotellgjester.


Reliabilitetstesten (Cronbach's Alpha) viser god samvariasjon mellom dei 8 variablane (0,79), og ingen grunn til å droppe nokon av dei i den vidare analysen. Denne purismeskåren kan vi bruke til å dele gjestene inn i grupper. Vi har valt etikettane Lågpuristar, Mellompuristar og Puristar, basert på ei matematisk inndeling med tilnærma like mange respondentar i kvar gruppe (sjå **tabell 3.11**).

Tabell 3.11 Inndeling i tre tilnærma like store purismegrupper etter individuell purismegrad (mellom ytterpunkta 8 og 55 "poeng", middelveidien 25,0 og N=317).

Purismegruppe	Skåreverdi, purismegrad	Frekvens	Prosent
Lågpurist	8-21	109	34,4
Mellompurist	22-28	108	34,1
Purist	29-55	100	31,5

Kven er så puristane?

Menn er signifikant meir puristiske enn kvinner (i dette materialet), men det er ingen alderskilnad mellom dei tre purismegruppene. Dei mest puristiske landa er Tyskland og Storbritannia. Noreg er (i snitt) ganske Lågpuristisk; berre Sverige ligg lågare på purismeskalaen (**figur 3.6**).



Figur 3.6 Purismegrad for gjester frå ulike land (N=404)

Det er ingen forskjell i purismegrad mellom vintergjester og sommargjester. Derimot er det signifikant meir puristiske gjester på Turhotell (26,4 purismepoeng) enn på Alpinhotella (20,1 poeng).²¹ Også mellom gjestene på Reise Til-hotell (26,6 poeng) og Reise Forbi-hotell (23,0 poeng) er det signifikant skilnad, men med noko mindre skilnad seg imellom enn mellom Tur- og Alpingjester.

Kva kan så dette brukast til?

Purismegrad kartlegg korleis folk "ser ut i hovudet", kva for ideelle turpreferansar dei har (Vistad 1995). Er det så eit samsvar mellom desse ideala og korleis dei faktisk oppfører seg, kvar og korleis dei tek sine turar, eller ser på forslag om endringar i forvaltning osv?

Aktivitet

Det er ingen skilnad mellom dei tre purismegruppene når det gjeld spørsmålet OM dei har vore på tur eller drive med andre uteaktivitetar siste døgnet. Men for dei som går tur er det signifikant skilnad mellom purismegruppene når det gjeld kor lange turar dei går om vinteren (men ikkje om sommaren). **Mellompuristane (15,7 km) og Puristane (14,1 km) går lenger skiturar** enn Lågpuristane (10,9 km).²²

Når det gjeld **bruk av oppkøyde skiløyper** eller ikkje, så er det ein signifikant skilnad ($X^2(4, N=173) = 9,99, p < 0,05$). Majoriteten i alle tre gruppene har gått mest i oppkøyde og merkete løyper, men det gjeld heile 93 % av Lågpuristane og "berre" 68 % av Puristane (**tabell 3.12**). Det tyder at ein langt større del av Puristane enn av Lågpuristane går utanom løyper. Det skulle ein også forvente, utifrå kva fenomenet Purisme eigentleg er.

Om vi samanliknar tal for tal når det gjeld **sommargjestene** og bruken av stiar, så ser vi same tendensen. Men dataanalysane viser ingen signifikant skilnad mellom Purismegruppene når

²¹ ANOVA: $F=36,20, df=316, p < 0,001$

²² ANOVA: $F=5,26, df=143, p < 0,01$

det gjeld å gå langs veg, gå langs merkte eller umerkte stiar eller å gå i terrenget. Desse tilsynelatande skilnadane kan difor vere tilfeldige.

Tabell 3.12 Samanhengen mellom purismegrad og bruken av oppkøynde/merkte skiløyper

Purismegruppe	Bruk av oppkøynde/merkte skiløyper?			N
	Nesten berre	Både og	Nesten ikkje	
Lågpuristar	93 %	5 %	2 %	43
Mellompuristar	77 %	16 %	7 %	62
Puristar	68 %	21 %	12 %	68
Total	78 %	15 %	8 %	173

Det er som forventa Puristane som har mest Friluftslivserfaring (tal overnattingsturar). 45 % av desse har vore på fleire enn 20 slik turar, mot 25 % av Lågpuristane (**tabell 3.13**). Og dei fleste som er heilt utan slik erfaring (28 %) høyrer til blant Lågpuristane ($X^2(10, N=317) = 18,28, p < 0,05$).

Tabell 3.13 Samanhengen mellom purismegrad og friluftslivserfaring, i form av gjennomførte fleirdagsturar

Purismegruppe	Friluftslivserfaring, tal fleirdagsturar						Total
	Ingen	1	2-5	6-10	11-20	> 20	
Lågpuristar	28 %	6 %	17 %	14 %	9 %	25 %	109
Mellompuristar	19 %	8 %	14 %	14 %	9 %	35 %	108
Puristar	9 %	5 %	15 %	14 %	12 %	45 %	100
Total	19 %	7 %	16 %	14 %	10 %	35 %	317

Når det gjeld tilbakelagt turlengde er det som sagt skilnad mellom vintergjestene i påska og dei som er der før eller etter påske (**tabell 3.4**): påskegjestene går kortare turar. Korleis er det så med purismegraden for vintergjestene i lågsesong og i høgsesong (påska)? **Tabell 3.14** viser at det er flest Lågpuristar i påska og flest Puristar i lågsesong, og dette er ein signifikant skilnad mellom dei to vintersesongane.²³

Tabell 3.14 Korleis purismegruppene fordelar seg på høg- og lågsesong om vinteren

Purismegruppe	Vintersesong		N
	Påska	Lågsesong	
Lågpuristar	73 %	27 %	64
Mellompuristar	66 %	34 %	68
Puristar	53 %	47 %	73
Total	64 %	36 %	205

²³ $X^2(2, N=205) = 6,15, p < 0,05$

I vurderinga av eventuelle forvaltningstiltak er det berre eitt som viser skilnad mellom purismegruppene. Det gjeld forslaget om å måtte gjennomgå eit **kurs om villrein og uroing**. Det er større grad Puristane som uttalar at dei ville kome attende til området (62 %) sjølv om dei vert pålagt eit slikt kurs; samanlikna med 48 % av Mellompuristane og 37 % av Lågpuristane ($X^2(4, N=301) = 12,71, p < 0,05$). Dette er også eit av tiltaka som i større grad blir akseptert av dei høgt utdanna, men samanhengen er ikkje så enkel som at det er skilnad i utdanningsnivå mellom purismegruppene. Det er det nemleg ikkje.

4 Diskusjon og konklusjonar

I dette kapitlet diskuterer eg ulike funn og tema i denne ferdselsundersøkinga. Fleire tema er det også relevant å samanlikne med undersøkinga som vart gjort blant hytteeigarar i Rondane midt og sør (Vorkinn 2003).

Kort overordna oppsummering

Dei viktigaste besøksmotiva til hotellgjestene er knytte til Fin natur, Gode turhøve og Gode turstiar/skiturløyper, og verdien av desse motiva er like stor for sommar- som vintergjester. Men grovt sagt er slike motiv viktigare for gjestene på typiske Turhotell enn på Alpinhotell. Den store majoriteten er gjester som brukar naturen aktivt (85 %), og det er noko fleire uteaktive vintergjester enn sommargjester. Det er eit logisk mønster i kva aktivitetar som dominerer: Sommartid er det fotturar og vinterstid er det skiturar (særleg på typiske Turhotell) og alpint (særleg på typiske Alpinhotell).

Dei intervjuja gjestene er påfallande aktive i utemiljøet. Motiv og atferd ser ut til å harmonere. Ikkje berre går dei turar, dei går også lange turar. Dei lengste turane er skiturar og blir gjennomført i Lågsesong vinter (før- eller etter påske) med eit gjennomsnitt på 16,1 km. Påsketurane er noko kortare med snitt på 12,6 km og sommarturane til fots er i snitt 9,0 km (sjå diskusjonen nedanfor). Gjestene ved Turhotell går lengre turar (uansett årstid og sesong) enn gjestene ved Alpinhotell. Vintergjestene startar alltid skituren ved hotellet, medan nær ¼ av sommargjestene køyrde bil til eit startpunkt for fotturen. Dei aller fleste fylgde stiar og løyper; det gjeld særleg vintertid då 77 % nesten berre gjekk langs oppkøyrde og merkte skiløyper, medan 63 % av sommargjestene primært fylgde merkte og skilta stiar.

Om lengda på turane

Desse hotellgjestene ser ut til å gå like lange turar som hytteeigarar i Rondaneområdet (Vorkinn 2003). Dette er særleg tydeleg for skiturane. Den **lengste** fotturen ein hytteeigar tok var i gjennomsnitt 10,2 km, og den lengste skituren i gjennomsnitt 14,2 km (summert for fleire hytteområde i Rondane midt og sør). Vorkinn (op cit.) reknar at det vert tatt om lag 30 turar ut frå kvar hytte kvart år (og om lag likt fordelt på ski og til fots). Dette er ein høg bruksfrekvens, når ein ser det i høve til det stipulerte bruksomfanget av dei same hyttene, nemleg 34 døgn i løpet av eit år. Altså er både hytteeigarar og hotellgjester på fjell(-nære) hotell ganske så turaktive når dei fyrst er på hytta eller som gjest på slike hotell. Her er det viktig å hugse at besøksmotivet for gjestene i mindre grad var hotellet i seg sjølv, men altså Fjellet, Turhøve og Stiar og Skiløyper. Slik sett er det ikkje overraskande at gjestene er aktive turgåarar.

Kvifor er skiturane lenger før og etter påske, enn i påska?

Det er altså eit faktum at skiturane før og etter påske (i dette materialet) er lenger enn skiturane i påska. Eg har tidlegare resonnert omkring dette og skrive at det kan vere knytt til kulde, vind og dels snø i påska 2008, som så har resultert i kortare skiturar. Dette står ved lag, men det er også data i materialet som tyder på at det er ei anna type gjester i vinterens lågsesong samanlikna med påska: Det er signifikant fleire Puristar blant hotellgjestene før og etter påske enn i påska, og Puristane går (i dette materialet) lenger turar enn Lågpuristane. Eit anna særtrekk ved dei meir puristiske gjestene er at dei set pris på mindre folk i turområdet sitt. Dette ønsket er det sannsynlegvis også lettare å tilfredsstille i lågsesong enn i høgsesong (påska).

Bruk av tilrettelegging og infrastruktur – ein kanaliseringseffekt?

Om vi igjen samanliknar med hytteundersøkinga (Vorkinn 2003) så finn vi om lag same mønsteret som for hotellgjestene, både for vinter- og sommarsesongen. Ein kunne kanskje forvente at ein større del av hytteeigarane ville gå utanom stiar, sidan det er meir sannsynleg

at dei er lokalkjende i nærmiljøet sitt enn at hotellgjester kjenner nærmiljøet til hotellet. Men slik er det altså ikkje. Vorkinn (op cit.) fann ut at dei som går utanom stiar og løyper særleg er dei som har ei særleg sterk friluftslivsinteresse. I hotellundersøkinga var ikkje dette spørsmålet med, men det er nærliggande å tru at det meir er personlege preferansar og erfaring, enn "gjestekategori" (hytte versus hotell) som gjer at ein nyttar stiar/løyper eller ikkje. Dette vert også stadfest gjennom eit anna funn blant hotellgjestene: Dei mest "puristiske" gjestene går oftare utanom stiar og skiløyper.


Purismegrad

Eg har delt hotellgjestene inn i tre "purismegrupper", nemleg Lågpuristar, Mellompuristar og Puristar. Dette er ei inndeling i om lag tre like store grupper, etter kva spekter av purismegrad som er i dette hotellgjest-materialet. Men er desse hotellgjestene eigentleg puristiske? Nei, dei er ikkje det. Det store fleirtalet (69 % av hotellgjestene) er positive til fysisk tilrettelegging²⁴ (sjå **figur 4.1**) og det som særpregar puristar er at dei ikkje ønskjer fysisk tilrettelegging.

I **figur 4.1** har eg presentert funn frå ulike undersøkingar og ferdselsgrupper når det gjeld synet på fysisk tilrettelegging. Det er ingen andre i denne samlinga av sju ulike grupper naturbrukarar som er så positivt innstilte til å tilrettelegge naturen for friluftsliv som nettopp desse hotellgjestene. Dei som kjem nærast er fotturistar i Jotunheimen (Vorkinn 2003a), og det er ikkje spesielt overraskande sidan denne gruppa er sterkt prega av ei anna form for hotellgjester: Fjellvandrarar som går frå turisthytte til turisthytte i Jotunheimen. I ei tidlegare undersøking i Femundsmarka vart det også påvist at fotturistar som overnatta på turisthyttene var meir positive til fysisk tilrettelegging (og altså dei minst puristiske), samanlikna med dei andre brukargruppene i Femundsmarka: fotturistar som overnatta i telt, fiskarar og kanopadlarar (Vistad 1995).

Når vi samanliknar med hytteeigarane i Rondaneområdet (Vorkinn 2003) er så er det færre (49 %) blant dei som er positive til fysisk tilrettelegging for friluftsliv, enn det er blant hotellgjestene.

²⁴ Dette er ein annan måte å dele inn brukarane på enn den som er vist i kapittel 3.8. Her tyder høg skåreverdi (på skalaen 1-7) at ein er positiv til fysisk tilrettelegging, dvs. er lite puristisk. Svara på sju spørsmål om tilrettelegging er summert, og så delt på sju. Gjennomsnittet er grunnlag for figur 4.1.



Figur 4.1 Haldningar til fysisk tilrettelegging i sitt ideelle turområde for 7 ulike grupper: Våre hotellgjester 2008, Hytteeigarar i Rondaneområdet 2002, Bilistar på Dovre/Snøhetta-området 2002, Generelt utval blant innbyggjarar i Trøndelag 1999, Villreinjegarar i Snøhettaområdet 2002, Fotturistar i Jotunheimen 2002, og Feltturistar på Svalbard 2008. Svarskalaen går frå 1 (= svært negativt), via 4 (=nøytralt) til 7 (=svært positivt).²⁵

Eg har altså delt hotellgjestene inn i tre purismegrupper, og brukar ordet Puristar om dei mest puristiske. Men det botnar ikkje i at dei eigentleg er høgpuristiske – **figur 4.1** minner oss om det. Det tyder berre at det er nokon blant hotellgjestene som er meir puristiske enn andre. Men i det store og heile er desse hotellgjestene lågpuristiske; dei set pris på å møte folk og på fysisk tilrettelegging. Med andre ord: dette er ei relativt "lettstyrt" gruppe som stort sett fylgjer stiar og skiløyper. Men det føreset sjølvsagt at tilrettelegginga tilfredsstillar dei ønskje og behov som denne fysisk aktive "hotellgjengen" har.

Kva så? Om ferdsel, konflikt og planlegging

Dette er ein turaktiv gjeng! Det store fleirtalet nyttar seg av fysisk tilrettelegging (særleg stiar og skiløyper) i friluftslivet sitt, og majoriteten gjev også klart uttrykk for at dei set pris på slik tilrettelegging. Nokre kjem t.d. med klare forslag og oppfordringar om å betre og vidareutvikle tilrettelegginga.

Som alt nemnt så er dette ei gruppe som ein i stor grad har "kontroll på", sidan dei fylgjer stiar og løyper. Utfordringa er å leggje stiar og løyper, av god kvalitet slik at dei både tilfredsstillar gjestene (gjerne rundløyper) og unngår å kome i konflikt med område av spesiell verdi for villreinen eller andre miljøfaglege interesser.

I spørsmålspakka som omfattar moglege tiltak for å avgrense ferdselen av omsyn til villreinen, så er det uråd å lese ut eintydig kva gjestene ønskjer eller kan akseptere. Det er mange som viser vilje til å akseptere regulering (særleg blant gjestene på Turhotell), men også klare synspunkt frå særleg mange gjester på Reise Til-hotell som Venabu, Brekkeseter og Bortelidseter (altså ei gruppe hotell blant Turhotella) om at ein vil finne seg eit anna fjellområde dersom det vert færre oppkøynde skiløyper. På den andre sida er det ein tendens til at dei

²⁵ Dette er data henta frå Hagen et al. 2009, Vorkinn 2003 og Vorkinn 2003a.

gjestene som har vore på same hotellet eller i same fjellområdet før, i større grad vil akseptere innstramming i talet oppkøynde skiløyper og likevel kome tilbake. Det tyder på at mange har knytt spesielle band til området, og kanskje til det aktuelle hotellet. To av tiltaka som inneber forbod, samt det tiltaket som pålegg kursing om villrein og uroing, er i større grad akseptert av dei med høg utdanning. Og det er eit høgt utdanningsnivå blant hotellgjestene. Når den same gruppa (dei høgt utdanna) viser mest motstand mot at det skal bli færre stiar i området, så kan det tyde på at informasjon og læring er betre grep for denne gruppa enn å fjerne gode praktiske tiltak (merkte stiar) for ein god tur

Litt enkelt sagt så er Puristar vanskelegare å kanalisere enn Lågpuristar, sidan Puristar i mindre grad trivst med fysiske tilretteleggingstiltak og kanalisering. Det er ikkje mange "høgpuristar" blant desse hotellgjestene, og det er dessutan litt oppløftande at dei Puristane som finst i større grad enn andre vil akseptere eit tiltak som "kurs om villrein og uroing" dersom det skulle bli pålagt for å få lov til ferdast på eiga hand i området.

Ei kort oppsummering kan vere slik:

Dersom det er ønskjeleg å styre og regulere ferdsele ut frå reiselivsbedrifter, så vil det bli utfordrande, men truleg ikkje uråd. Ambisjonen og utfordringa er sjølvstøtt å kombinere omsyna til både villreinen, gjestene og hotellinteressene. Det vil krevje god kunnskap, ikkje minst om kva som er akseptabelt for hotellgjestene, og ein grundig planleggingsprosess for å kome ut med løysingar som er gode for (ideelt sett) alle partar. Og det vil krevje eit godt og truverdig informasjonsprogram om kva som er naudsynte tiltak av omsyn til villreinen.

Avsluttande vurdering av metoden og omrekninga til ferdsele ut frå enkeltbedrifter

1. I kapittel 3.5 har eg kalla dei utrekna ferdselestala (pr gjest pr dag pr hotell) for "maksimumstal". Det er m.a. fordi skjema materialet sannsynlegvis er overrepresentert av turaktive gjester. Det er truleg slik at skjemaet i større grad har blitt fylt ut av gjester som kjenner seg heime i dei tema som skjemaet tek opp, nemleg ferdsele i fjellet. Kvart skjema skal også fange opp aktiviteten for alle som bur på rommet, men det er stort sett éin tur som blir omtalt i detalj. Det er ikkje usannsynleg at det er den lengst turen som blir omtalt, og det er ikkje opplagt at alle på rommet har vore med på den same (lengste) turen.
2. Ein kan også føre eit slag motsett resonnement: Mange av desse bedriftene har jo fjellet og turhøva som si viktigaste attraksjonskraft, og det er ikkje urimeleg at (frivillige) gjester faktisk ER gjennomgåande turaktive dag etter dag på hotellet (så lenge det ikkje er reine gjennomreisebesøk).
3. Dessutan er det eit faktum at mange skjema (frå ei og same bedrift) er leverte inn på ulike dagar, sjølv om dei er delte ut på ein og same dag. Det kan t.d. resultere i at folk rapporterer frå ulike dagar. Då er det ikkje usannsynleg at gjesten vel å rapportere frå ein dag då ein faktisk var (særleg) uteaktiv, sidan det er det skjemaet spør om. Poenget med ein slik reservasjon er at ein ikkje utan vidare får eit sant bilete av t.d. samla ferdsele for heile påska ved å gange opp mitt utrekna ferdselesomfang (pr bedrift i løpet av ein dag) med 7 og slik sett ha kartlagt ferdsele i påskeveka.

Alt i alt er det mange ulemper ved ikkje å ha hatt full kontroll på gjennomføringa av undersøkinga ved den enkelte bedrifta. Varierende gjennomføring ved dei ulike bedriftene set grenser for kor langt ein kan ekstrapolere frå det innsamla datamaterialet til ferdsele ut frå fjellnære reiselivsbedrifter. Eg har likevel gjort eit forsøk på slik omrekning i kapittel 3.5.

5 Referansar

- Aas, Ø., Heiberg, M.M., Haaland, H., Christensen, H. & Hagen, D. 2006. *Turistbedrifter i og rundt norske verneområder. Aktiviteter, utviklingstrekk, naturbruk, miljøtiltak, muligheter og utfordringer sett frå turistbedriftenes synspunkt*. NINA Rapport 141a. 38 s.
- Hagen, D., Eide, N.E., Fangel, K., Flyen, A.C. & Vistad, O.I. 2009. *Framdriftsrapport for prosjektet Miljøeffekter av ferdsel på Svalbard?* Trondheim: NINA Minirapport 247. 79 s.
- Vistad, O. I. 1995. *I skogen og i skolten. - Ein analyse av friluftsliv, miljøoppleving, påverknad og forvaltning i Femundsmarka, med jamføringar til Rogen og Långfjället*. Dr.gradsavhandling i geografi, Universitetet i Trondheim. 300 s.
- Vorkinn, M. 2003. *Ferdsel ut fra hytter i Rondane midt og sør*. Lillehammer: Oppland og Hedmark fylkeskommunar, Fylkesmennene i Oppland og Hedmark. 110 s.
- Vorkinn, M. 2003a. *Bruk og brukere i Jotunheimen: Endringer fra 1992 til 2002*. Foreløpig notat, Østlandsforskning. 38 s.

Vedlegg

Vedlegg1: Vinterskjema

Vedlegg 2: Sommarskjema

Ferdselsundersøkelse vinteren 2008

1) DATO:

Dag

Mnd

2) Navnet på reiselivsbedriften du bor på:

.....

3) Hvor mange netter skal du overnatte på denne bedriften på denne turen? netter

4a) Hvor mange er du sammen med på denne turen? (Inkl. deg selv) pers.

b) Er det barn under 15 år med i reisefølget?

1 Nei 2 Ja, alderen på det yngste barnet er: år

5) Hvor viktig er følgende årsaker for at du valgte å feriere i dette fjellområdet framfor et annet fjellområde? (Vennligst sett en ring rundt ett tall for hver linje)

	Svært uenig	Uenig	Verken enig eller uenig	Enig	Svært Enig
Det var hotellet/fjellstua mer enn området som var utslagsgivende	1	2	3	4	5
Fin natur	1	2	3	4	5
Bra alpinanlegg (hopp over spørsmålet der det ikke er alpinanlegg)	1	2	3	4	5
Varierte turmuligheter	1	2	3	4	5
Tilfeldig	1	2	3	4	5
Snau fjell	1	2	3	4	5
Passe avstand fra bostedet	1	2	3	4	5
Gode turskiløyper	1	2	3	4	5
Anbefalt av andre	1	2	3	4	5
Har vært her tidligere	1	2	3	4	5

Andre årsaker, hvilke?.....

.....

.....

6) Har du overnattet på denne bedriften eller besøkt dette fjellområdet tidligere?

Har du besøkt dette fjellområdet tidligere? 1 Nei 2 Ja; antall somre/ antall vintre

Har du overnattet på denne bedriften tidligere? 1 Nei 2 Ja; antall somre/ antall vintre

Dagens tur/friluftslivaktiviteter for deg og de du deler rom med

7a) Hvor mange bor på rommet "ditt" (inkl. deg selv): personer

b) Har alle eller noen av de som bor på rommet ditt vært på tur eller utøvd andre friluftslivaktiviteter I DAG?

1 Nei 2 Ja

c) Hvis ja, hvilke friluftslivaktiviteter har du/dere utøvd I DAG, og hvor mange har deltatt på de ulike aktivitetene?

Antall personer på ditt rom som har deltatt i ulike aktiviteter i dag (inkl. deg selv)

<input type="text"/>	Gått skitur
<input type="text"/>	Gått spasertur
<input type="text"/>	Kjørt alpint
<input type="text"/>	Akt
<input type="text"/>	Annet, hva?.....

8a) Hvis du eller andre av de du deler rom med har vært på skitur i dag; Hadde du/dere ett bestemt turmål?

Ja, hvilket turmål?.....

Nei, gikk en rundtur på ca km. Kan du beskrive omtrent hvor du/dere gikk? (se utdelt kart)

.....

.....

.....

b) Gikk du/dere ut fra bedriften eller kjørte du bil til startpunktet for turen?

1 Gikk fra hotellet/fjellstua Kjørte bil for å starte turen et annet sted: Kjørte ca. km

9) Gikk du i oppkjørte/merka løyper? (Sett bare ett kryss)

- 1 Jeg gikk nesten bare i oppkjørte/merka løyper
2 Jeg gikk en god del både i og utenfor oppkjørte/merka løyper
3 Jeg gikk for det meste utenfor oppkjørte/merka løyper

10 Hadde du eller andre i turfølget med dere kart eller GPS på turen? (Sett ett eller flere kryss)

- 1 Nei 1 Ja, hadde med kart 1 Ja, hadde med GPS

11a) Hvor fornøyd er du alt i alt med tilretteleggingen for friluftsliv i dagsturuområdet rundt bedriften?

(Antall løyper, oppkjøring, skilting, buer for rasting, turmuligheter til fots, akebakker, osv.)

- 1 2 3 4 5
Svært misfornøyd Misfornøyd Verken fornøyd eller misfornøyd Fornøyd Svært fornøyd

b) Er det ting du mener burde forbedres når det gjelder tilretteleggingen for friluftsliv?

- 1 Nei 2 Ja, følgende bør forbedres:

.....
.....
.....

12) I dette fjellområdet er det nå omfattende diskusjoner om avveiningene mellom bruk og vern. Pr. i dag er det ikke aktuelt å innføre begrensninger på den individuelle ferdselen, men det kan tenkes at dette kan bli aktuelt i noen få områder i framtida. Det er derfor av interesse å få synspunkter på mulige tiltak for å styre ferdselen. Hvordan ville du reagert på følgende tiltak i dette fjellområdet? (Sett ett kryss pr. linje)

	1 Ville valgt å feriere i et annet område	2 Ville fortsatt å bruke dette området	3 Vet ikke
Færre oppkjørte skiløyper	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Færre løyper innover i fjellet, men flere løyper lengre fram i fjellet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forbud mot å gå i bestemte områder	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forbud mot å gå i bestemte områder uten guide	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forbud mot å gå innover fjellet de dagene det er villrein i området	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Måtte gjennomgå en times kurs om "villrein og forstyrrelser" for å få lov til å ferdes på egenhånd	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Friluftslivinteresse

13) Hvor mange ganger (i løpet av hele livet) har du vært på en flerdagers fottur eller skitur?
(Med flerdagers tur mener vi en lengre, sammenhengende tur der du overnatter underveis)

- 1 Aldri
2 1 gang
3 2-5 ganger
4 6-10 ganger
5 11-20 ganger
6 mer enn 20 ganger

14) Tenk deg at du skal gjennomføre en flertimers tur i skogs- eller fjellterreng om sommeren. Tenk deg at området er slik at det er akkurat som du helst vil ha det - som om det var ditt "IDEALOMRÅDE" for en slik tur (Sett ring rundt det tallet som passer best for hver linje)

Det er ikke aktuelt for meg å gå en slik tur (gå til spm. 15)

Ville det være negativt eller positivt for din egen trivsel ..	Svært negativt		Nøytralt			Svært positivt	
... at det finnes tilrettelagte leirplasser med do, ved, bål, søppeldunker	1	2	3	4	5	6	7
... at du kan bli kvitt søppel i utplasserte søppeldunker	1	2	3	4	5	6	7
... at det finnes merkede stier i området	1	2	3	4	5	6	7
... at det er god skilting ved stistart og stikryss i området	1	2	3	4	5	6	7
... at det er lagt ned trestokker til å gå på der stien går over våt myr	1	2	3	4	5	6	7
... at det finnes hytter med matservering og oppredde senger i området	1	2	3	4	5	6	7
... at du møter mange andre friluftsfolk i løpet av turen	1	2	3	4	5	6	7
... at du kan gå milevis uten å møte et menneske	1	2	3	4	5	6	7

Bakgrunnsopplysninger:

15a) Kjønn: 1 Kvinne 2 Mann

b) Fødselsår: 19.....

16) Hvor er du bosatt?

Nordmenn (Postnr. og bosted):

Utlendinger (land):

17) Hvor lang skolegang har du? (Sett ring rundt det antall år du har gått på skole)

Grunnskole
1 2 3 4 5 6 7 8 9

Videregående
10 11 12

Høgskole/universitet
13 14 15 16 17 18 19+

Ferdselsundersøkelse sommeren 2008

1) DATO:

Dag

Mnd

2) Navnet på reiselivsbedriften du bor på:

.....

3) Hvor mange netter skal du overnatte på denne bedriften på denne turen? netter

4a) Hvor mange er du sammen med på denne turen? (Inkl. deg selv) pers.

b) Er det barn under 15 år med i reisefølget?

1 Nei 2 Ja, alderen på det yngste barnet er: år

5) Hvor viktig er følgende årsaker for at du valgte å feriere i dette fjellområdet framfor et annet fjellområde? (Vennligst sett en ring rundt ett tall for hver linje)

	Svært uenig	Uenig	Verken enig eller uenig	Enig	Svært Enig
Det var hotellet/fjellstua mer enn området som var utslagsgivende	1	2	3	4	5
Fin natur	1	2	3	4	5
Bra golfanlegg i nærheten (<i>hopp over når dette ikke er relevant</i>)	1	2	3	4	5
Varierte turmuligheter	1	2	3	4	5
Tilfeldig	1	2	3	4	5
Snau fjell	1	2	3	4	5
Fordi det er i eller ved et "villreinfjell"	1	2	3	4	5
Passe avstand fra bostedet	1	2	3	4	5
Gode turstier	1	2	3	4	5
Fordi det er nær en nasjonalpark / verneområde	1	2	3	4	5
Anbefalt av andre	1	2	3	4	5
Har vært her tidligere	1	2	3	4	5

Andre årsaker, hvilke?.....

.....

6) Har du overnattet på denne bedriften eller besøkt dette fjellområdet tidligere?

Har du besøkt dette fjellområdet tidligere? 1 Nei 2 Ja; antall somre/ antall vintre

Har du overnattet på denne bedriften tidligere? 1 Nei 2 Ja; antall somre/ antall vintre

Dagens tur/friluftslivaktiviteter for deg og de du deler rom med

7a) Hvor mange bor på rommet "ditt" (inkl. deg selv): personer

b) Har alle eller noen av de som bor på rommet ditt vært på tur eller utøvd andre friluftslivaktiviteter I DAG?

1 Nei 2 Ja

c) Hvis ja, hvilke ute- eller friluftslivaktiviteter har du/dere utøvd I DAG, og hvor mange har deltatt på de ulike aktivitetene?

Antall personer på ditt rom som har deltatt i ulike aktiviteter i dag (inkl. deg selv)

<input type="text"/>	Gått fottur
<input type="text"/>	Sykla
<input type="text"/>	Spilt golf
<input type="text"/>	Annet, hva?.....

8a) Hvis du, eller andre av de du deler rom med, har gått en fottur i dag; hadde du/dere ett bestemt turmål?

Ja, hvilket turmål?

Nei, gikk en rundtur på ca km. Kan du beskrive omtrent hvor du/dere gikk? (se utdelt kart)

.....

.....

.....

b) Gikk du/dere ut fra bedriften eller kjørte du bil til startpunktet for turen?

1 Gikk fra hotellet/fjellstua Kjørte bil for å starte turen et annet sted: Kjørte ca. km

9) Gikk du langs vegen, langs stier, eller i terrenget? (Sett bare ett kryss)

- 1 Jeg gikk nesten bare langs bilveg
2 Jeg gikk nesten bare langs godt merka og skilta stier
3 Jeg gikk en god del både langs merka og umerka stier
4 Jeg gikk for det meste langs umerka stier, eller i terrenget utenfor stier

10 Hadde du eller andre i turfølget med dere kart eller GPS på turen? (Sett ett eller flere kryss)

- 1 Nei 1 Ja, hadde med kart 1 Ja, hadde med GPS

11a) Hvor fornøyd er du alt i alt med tilretteleggingen for friluftsliv i dagsturområdet rundt bedriften?

(dvs. med antall og kvaliteten på merka stier, skilting og informasjon, buer for resting, turmuligheter til fots osv.)

- 1 2 3 4 5
Svært misfornøyd Misfornøyd Verken fornøyd eller misfornøyd Fornøyd Svært fornøyd

b) Er det ting du mener burde forbedres når det gjelder tilretteleggingen for friluftsliv?

- 1 Nei 2 Ja, følgende bør forbedres:

.....
.....
.....

12) I dette fjellområdet er det nå omfattende diskusjoner om avveiningene mellom bruk og vern. Pr. i dag er det ikke aktuelt å innføre begrensninger på den individuelle ferdselen, men det kan tenkes at dette kan bli aktuelt i noen få områder i framtida. Det er derfor av interesse å få synspunkter på mulige tiltak for å styre ferdselen. Hvordan ville du reagert på følgende tiltak i dette fjellområdet? (Sett ett kryss pr. linje)

	1 Ville valgt å feriere i et annet område	2 Ville fortsatt å bruke dette området	3 Vet ikke
Færre merka stier	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Færre stier innover i fjellet, men flere stier lengre fram i fjellet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forbud mot å gå i bestemte områder	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forbud mot å gå i bestemte områder uten guide	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Forbud mot å gå innover fjellet de dagene det er villrein i området	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Måtte gjennomgå en times kurs om "villrein og forstyrrelser" for å få lov til å ferdes på egenhånd	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Friluftslivinteresse

13 Hvor mange ganger (i løpet av hele livet) har du vært på en flerdagers fottur eller skitur?
(Med flerdagers tur mener vi en lengre, sammenhengende tur der du overnatter underveis)

- 1 Aldri
2 1 gang
3 2-5 ganger
4 6-10 ganger
5 11-20 ganger
6 mer enn 20 ganger

14) Tenk deg at du skal gjennomføre en flertimers tur i skogs- eller fjellterreng om sommeren. Tenk deg at området er slik at det er akkurat som du helst vil ha det - som om det var ditt "IDEALOMRÅDE" for en slik tur (Sett ring rundt det tallet som passer best for hver linje)

Det er ikke aktuelt for meg å gå en slik tur (gå til spm. 15)

Ville det være negativt eller positivt for din egen trivsel ..	Svært negativt		Nøytralt			Svært positivt	
... at det finnes tilrettelagte leirplasser med do, ved, bål, søppeldunker	1	2	3	4	5	6	7
... at du kan bli kvitt søppel i utplasserte søppeldunker	1	2	3	4	5	6	7
... at det finnes merkede stier i området	1	2	3	4	5	6	7
... at det er god skilting ved stistart og stikryss i området	1	2	3	4	5	6	7
... at det er lagt ned trestokker til å gå på der stien går over våt myr	1	2	3	4	5	6	7
... at det finnes hytter med matservering og oppredde senger i området	1	2	3	4	5	6	7
... at du møter mange andre friluftsfolk i løpet av turen	1	2	3	4	5	6	7
... at du kan gå milevis uten å møte et menneske	1	2	3	4	5	6	7

Bakgrunnsopplysninger:

15a) Kjønn: 1 Kvinne 2 Mann

b) Fødselsår: 19.....

16) Hvor er du bosatt?

Nordmenn (Postnr. og bosted):

Utlendinger (land):

17) Hvor lang skolegang har du? (Sett ring rundt det antall år du har gått på skole)

Grunnskole
1 2 3 4 5 6 7 8 9

Videregående
10 11 12

Høgskole/universitet
13 14 15 16 17 18 19+

NINA Rapport 441

ISSN:1504-3312

ISBN: 978-82-426-2007-1



Norsk institutt for naturforskning

NINA hovedkontor

Postadresse: 7485 Trondheim

Besøks/leveringsadresse: Tungasletta 2, 7047 Trondheim

Telefon: 73 80 14 00

Telefaks: 73 80 14 01

Organisasjonsnummer: NO 950 037 687 MVA

www.nina.no